

Noreg Av Per Sivle

Og Noreg vart funne,
og Noreg vart bygt.
Og Noreg vart samla,
og Noreg vart tryggt.

Og Noreg vart sviike,
og Noreg vart strypt.
Og Noreg vart rive,
og Noreg vart klyppt.

Og Noreg tok Spenne-Tak,
kom seg paa Fot.
Og Noreg det auka
i Evle og Mot.

Dei flidde det Krykkja,
dei flidde det Stav.
Men Noreg, det vil inkje
vita derav.

Paa sjølveigen Grunn
og med Fana si rein
det fritt orkar standa
paa sjølveigne Bein.

Og slik skal det standa,
som dugande Kar
- sosant inkje Nordmenn
"slær Krok" fyr sin Far.

Um Noreg paany
vert basta i Band,
so fell det fyr sviikefull
Normanna-Hand.

Men stuper det atter
vaart Noreg, fyr Svik,
lyt Svikaren trø
yver Normanna-Lik.

Gjev Handi di, Bror min,
- me lovar og kved:
Skal Noreg gaa under,
so vil me gaa med!

Motiv frå Eldsfjellet, Meland i Nordhordland

Med meir um desse sakene:

Kamp mot kommune- og regionreformi

Eivør Pålsett trolldatt Bergen

Regionalisme i eit europeisk perspektiv

Reiserapport frå Syria

Alain Soral og antiglobaliseringskamp

I dette nummeret:

Olav Torheim	Lat Sogn og Fjordane få liva!	s. 2
Olav Torheim	Eit sernummer i sumarvarmen	s. 3
Olav Torheim	Regionreformi er ein retur til embetsmannsstaten	s. 4
Olav Torheim	Ein europeisk vestlandsregionalisme på fullnorsk grunn	s. 7
Megan Leo	Eivør Pålsett trolldatt Bergen	s. 10
Ornella Winter	Eldamar	s. 10
Megan Leo	Gaahls Wyrð på Garage	s. 11
Ornella Winter	Witchblood	s. 11
Gabriele Adinolfi	Imperium	s. 12
Megan Leo	Kva er det med fjelli?	s. 16
Olav Torheim	Alain Soral: Å forstå imperiet	s. 17
Olav Torheim	Kampen om fjordane - ein demokratisk realitetssjekk	s. 20
Torstein Viddal	Direkteaksjon, kva er det?	s. 22
Breizh-Info	Reiserapport frå Syria: Ein europear fortel	s. 22
Ornella Winter	Youth of Tomorrow	s. 25
Olav Torheim	Frå Homs til Hermansverk: Me hev enno eit val	s. 26

Lat Sogn og Fjordane få liva!

Av Olav Torheim

Den varsla regionreforma legg i praksis opp til at Sogn og Fjordane Fylkeskommune skal verta lagt ned og integrert inn i Hordaland. Denne nedleggingi gjeng rett inn i ein demonteringsprosess me alt hev vore vitne til i årevis.

I 2001 vart Fylkessjueket lagt inn under Helseregion Vest (Stavanger). I 2006 hamna Fylkesskattekontoret inn under Skatteregion Vest (Bergen). Og det tek ikkje slutt: Nett no er det Alarmsentralen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Politidistrikt som skal leggjast ned – og endå ein gong er det Bergen som skal ta yver funksjonane. Skal fylket til slutt stå att som eit tomt skal, utan fungerande institusjonar att, slik at nedleggingi vert ein rein formalitet? Det er nett denne "salamitaktikken" som tidlegare er vorten nytta til å plukka lokalsjueket i frå kvarandre. Dei som vil at Sogn og Fjordane skal få leva vidare, er nøydd til å ta kampen no og ikkje um 2 år...

Sume hev teke til ords for å skifta ut vestlandsfylki med ein vestlandsregion, og det med den grunngevingi at det skal demma opp for sentralisering frå Oslo. Det er serskilt frå partii KrF og Venstre at me hev fenge høyra dette. Til desse vil eg seija: Tenk dykk um...

Sentraliseringstrugsmålet kjem frå Bergen

Sentralisering hev me nok av på Vestlandet som det er, og dette sentraliseringstrugsmålet kjem frå Bergen, ikkje frå Oslo. Bergen veks som aldri fyrr og tel no halve folketalet i Hordaland. Konsekvensane ser me: Til dømes er nynorsken komen under sterkt press både på Sotra, på Os og i Nordhordland, kjerneområde for nynorsken og strilekulturen – og i Sogn og Fjordane opplever ein at både alarmsentral og politidistrikt vert lagde ned og flutte til Bergen. Samstundes vert Høgskulen i Sogn og Fjordane pålagde å greida ut um mogleg samanslåing med Høgskulen i Bergen, og det endå høgskuleleiingi hev gjort det klårt at dei greider seg fint åleine. No hev saki enda med at høgskular yver heile Vestlandet skal slåast saman til Høgskulen på Vestlandet.

Næringsutviklingi i Sogn og Fjordane vert truga av sentraliseringskreftene i Oslo, vert det hevda, men stemmer det? Um til dømes aluminiumsproduksjonen i Årdal skulde verta nedlagd, slik det ei tid var fære for (dei makta faktisk å snu straumen!), so kjem produksjonen til å verta flutt til Asia – og ikkje til Oslo! Industrikommunen i Indre Sogn er elles trygt plassert langs E16 med gode samband til baa dei tvo største byane i

landet, og treng soleides ikkje å gje seg inn under korkje den eine eller den andre sida.

Um ein ser på kartet, so ser Hordaland og Sogn og Fjordane på lag like store ut. Um ein ser på folketalet, so er det 110.000 menneske i Sogn og Fjordane og ein halv million i Hordaland. Kann det vera nokon tvil um kvar hen kjem dei nye regionalpolitikarane til å henta røystene sine frå og kvar hen prioritetane kjem til å liggja? Dette mynsteret hev me alt sett tydelegt frå ordskiftet um framtid i Alarmsentralen i Sogn og Fjordane. Frå kommunane som eig Alarmsentralen i Bergen var det ingen studnad å få: Tvert imot gjorde dei det klårt at dei stod reiduge til å taka yver funksjonane åt Alarmsentralen i Florø.

Når administrasjonen for dei ulike etatane vert lagde til Bergen og det ikkje lenger finst institusjonar som hev tyngepunkt sine i Førde eller på Leikanger, kvar hen skal ein då henta den politiske krafti i frå som skal ha fokus på å vidareutvikla Sogn og Fjordane? Sjø berre til Bergen, kva hev hendt med til dømes Åsane etter at kommunen vart slegen saman med storbyen? Det er vorte ein utkant utan noko politisk tyngepunkt. Salhus hev visna burt og i staden veks kjøpesentri opp kring ein parkeringsplass – utan nokon politisk plan eller perspektiv.

Sogn og Fjordane er eineståande og verd å ta vare på

Noko av det unike med Sogn og Fjordane er nett det at det ikkje hev noko einerådande senter, men snarare fleire. Måløy, Nordfjordeid, Stryn, Florø, Førde, Sogndal, Høyanger, Årdal – ingen av desse stadene hev den dominansen som Bergen og Stavanger hev i Hordaland og Rogaland. Sogn og Fjordane er i seg sjølv eit prov på at desentralisering er mogleg.

Sogn og Fjordane er dessutan unikt på den måten at fylket er 100% nynorsk. Um eit språk skal yverleva, so er det tvingande naudsynt at det hev institusjonar og kjerneområde der språket er einerådande – og Sogn og Fjordane er i dag det einaste fylket der det er slik. I Hordaland er det derimot eit fleirtal av bokmålsbrukarar, og det endå fylket på papiret er eit nynorskfylke.

Trivselsfylket, fylket som hev vore sjølvstendig frå Bergen heilt sidan 1763. Fylket med minst kriminalitet og med dei beste skuleresultati i landet. Det siste fylket i Noreg som fekk vinmonopol og som var det aller siste der ein registrerte HIV-smitte: Er det likevel ikkje liv laga?

Framtidi åt fylket vert avgjord no og ikkje um 2 år

No brenn det eit blått ljøs for Sogn og Fjordane som eige fylke. Fylkestingsvalet i 2015 kann ha vore det aller siste. Spørsmål som til dømes helse, skule og flyktningar kann me diskutera ogso um 4, 8 og 12 år – men framtid i fylket vårt kjem til å verta avgjort ein gong for alle i dei næraste åri.

Ein veit kva ein hev, men ikkje kva ein kann få. Ein treng ikkje reparera noko som fungerer, og Sogn og Fjordane hev fungert godt. Det kann koma til å endra seg. Bussmassakren i Årdal, storbrannen i Lærdal og tunneleक्सpløsjonen i Bremanger er ferske døme på at fylket treng sjølvstendig infrastruktur og politisk handlefridom dersom folket ikkje skal verta skadelidande. Me hev ikkje råd til å gje frå oss kontrollen yver eigne liv og eigen kvardag!

Val 2015: Folket vil ha fylket

Um stortingsfleirtalet skal gå inn for å halda på Sogn og Fjordane Fylke eller ikkje, det skil seg fullt og heilt på korleis fylket sine eigne politikarar steller seg. Kommune- og fylkestingsvalet for 2015 gav eit eintydig resultat: Det er dei partii som er kritiske til den varsla kommune- og fylkesreforma som gjekk fram. Alle dei hine partii gjekk klårt attende. I Sogn og Fjordane hev det sentraliseringskritiske Senterpartiet vorte det største partiet av alle – med heile 11 mandat i fylkestinget. I valkampen hev Senterpartiet vore nokso anonyme, so framgangen deira kann ikkje tolkast som noko anna enn ein protest mot den sterke sentraliseringsviljen åt regjeringspartii.

Nest størst i Sogn og Fjordane, etter Senterpartiet, vart Arbeidarpartiet – med åtte mandat i fylkestinget. Jamvel um Arbeidarpartiet på landsplan hev vore positive til å skifta ut fylkeskommunane med regionar, so hev Sogn og Fjordane Arbeidarparti teke eit klårt standpunkt um at dei vil arbeida for å halda uppe Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Det same hev Miljøpartiet Dei Grøne og SV gjort – og dei er inne med kvart sitt mandat, dei med.

Ein kann dimesd slå fast at av dei 33 mandati i fylkestinget, so er heile 21 mandat tekne av lokalpolitikarar som hev lova veljarane å kjempa for fylket sitt. No gjeld det å syta for at dei held ord.

**Hugsa bladpengane!
Giro er stifta inn i bladet.**

Eit sernummer i sumarvarmen

Av Olav Torheim

Ideen til dette Målmannen-nummeret kom hausten 2014. Styresmaktene hadde varsla ei kommune- og regionreform som mest sannsynleg er kroken på dori for Sogn og Fjordane, Noregs einaste reine nynorsk-fylke. Me vilde nytta høvet til å få ut eit nummer som syner fram det verdfulle med Sogn og Fjordane. Og leggja fram vår eigen alternative visjon.

Det var i november 2014 at Møreforsking - på oppdrag frå styresmaktene - la fram ein rapport der dei konkluderte med at at Sogn og Fjordane var for lite til at det kunde halda fram som eige fylke.

Styresmaktene hev lagt upp "reformprosessen" på den måten at ein fyrst vil slå saman so mange kommunar som råd er, og dinæst vil ein nytta resultatet til å slå saman flest mogleg fylke til kjemperegionar. Um Sogn og Fjordane vert sitjande att med berre 4 kommunar, so er det i seg sjølv eit argument for å leggja fylket ned. Attåt dette so freistar dei alt no å skapa "fait accompli" med di ein vil slå saman kommunar yver fylkesgrensone: Gulen skal inn i Masfjorden og Stryn/Hornindal inn i Volda.

Ei fyrebuung til masseprivatisering

Noreg hev i dag 428 ulike kommunar, men styresmaktene vil helst kutta talet på kommunar ned til 100. Dette talet hev dei frå NHO, som i ein eigen rapport slo fast at "[s]må kommuner gjør det vanskelig å tjene penger på å drive velferdstjenester. Større kommuner gir bedre muligheter for private velferdsbedrifter".

Det hev i offentlegt ordskifte vorte hevda at "interkommunalt samarbeid" er eit stort demokratisk problem, men fakta er at interkommunale samarbeid ikkje tel meir enn fire prosent av kommunebudsjetti. I media hev det til dømes det vorte sagt at Nordhordland hev meir enn 60 interkommunale samarbeid, men fakta er at det finst ikkje meir enn 3 interkommunale selskap. Når dei ulike kommunane leiger tenestor av kvarandre, so gjev det grannekommunane høve til å byggja upp spisskompetanse. Nett det må då vera mykje betre enn at ein skal gjera kommunane so store at ein rett og slett kann kvitta seg med oppbygd kompetanse og kjøpa tenestone frå private firma - for det er det som styresmaktene legg upp til!

Ingen respekt for folkeviljen

I Nordhordland synte alle folkerøystingane nei til kommunesamanslåing. Einaste stadene det var noko som kunde likna på eit ja-fleirtal var i Lindås og Radøy, der det vart halde ei sers manipulativ "opinionsundersøking". På Radøy synte "opinionsundersøkingi" 51 prosent fleirtal for kommunesamanslåing, men det med ein feilmargen på meir enn fem prosent. Det "fleirtalet" som media i tidi etterpå hev tala um var soleides ikkje noko fleirtal i det heile. Kor som er: Um ein ikkje ein gong skulde slå saman Meland, Lindås og Radøy, so hadde det ikkje vorte nokonting att av kommunereform i heile Nordhordland. Politikarane hev difor sett hardt mot hardt og gjort samanslåingsvedtak som yverkøyrer folkeviljen i nordhordlandskommunane.

Er me heimstadrotte aktørar eller rotlause manipulasjonsobjekt?

Målmannen-redaktøren hev sjølv engasjert seg i kommunesamanslåingsordskiftet i Nordhordland,

nærare kartlagt i Meland. Meland Kommune hev funnest sidan 1923. Det er ein kommune med si eigi soga og sin eigen identitet, med ei naturleg geografisk avgrensing og med eit naturleg politisk og geografisk sentrum på Frekhaug.

Dei norske småkommunane er strukturar som hev vokse fram gjennom mange tiår - eller kanskje hundreår, som det er med fylki som politikarane ogso vil leggja ned og skifta ut med "regionar". Berre reformane er "smarte" nok og godt nok marknadsførde, so skal alt dette nedervde - vips - kunna leggjast ned og skiftast ut med noko heilt anna som politikarar og teknokratat also skal "byggja" ovanfrå og ned. Folk i Nordhordland skal uppliva den same trivselen og den same tilknyttingi til ein ny og ukjend superstruktur som det dei hadde til kommunen som både dei og kanskje ogso foreldri og beste-foreldri deira var fødde og oppvoksne i.

For desse "samfunds-arkitektane" so er me alle "blanke ark" som kann viskast ut, umskrivast og nyskrivast kva tid som helst som det skulde høva dei. Ingenting skal ha hevd. Alt og alle skal umkalfatraslik slik som det til kvar tid høver dei pengesterke serinteressone.

Kommunereformi legg upp til ei massiv privatisering der den økonomiske makti vert flutt yver til multinasjonale selskap. Dette hender parallellt med at nasjonalstaten Noreg flytjer finansstilsynet til Brussel og der løynde TISA/TIIPP-tingingar skal gjeva multinasjonale selskap høve til å saksøkja statar som ikkje dansar etter deira pipa. Samstundes med alt dette vert statar som ikkje gjev seg inn under globalkapitalismen bomba til pinneved, og NATO-landet Noreg er med - som i Libya og Syria.

Alternativi finst

Um ein verkelegt vil ha "regionar" i sentralstyrde Noreg, kvifor ikkje innføra regionalisme etter ein europeisk, føderal modell? I staden for å lata makt-politikarane og byråkratane få draga stigen upp etter seg ein gong for alle, so kann me få ein heilt ny struktur som verkelegt fører makti nærare folket. Olav Torheim skriv meir um dette i teksti "Vestlandsregionalisme på fullnorsk grunn".

I dette nummeret prentar me teksti "Imperium" av Gabriele Adinolfi. Han legg fram ein imperial visjon um eit samla Europa - der det er plass til både småkommunar, fylke, regionar og nasjonar. So lenge det er den desentraliserte, imperiale tanken som ligg attum - med maksimal fridom og maksimal autonomi på alle nivå - so kann alle dei ulike identitetane finna sin naturlege plass i hierarkiet.

Det imperiale Europa er soleides motstykkjet det til byråkratiske og sentraliserte EU-systemet, der det ikkje er nokon samlande visjon - men snarare ulike grader av "compartmentalization" som gjer at ein fäment og pengesterk elite kann sitja i draga i trådane, langt undan all politisk kontroll.

Når styresmaktene i sak etter sak so suverent kann velja å sjå burt frå fleirtalsviljen åt folket, so syner det at det liberale demokratiet kjem til kort. Fleirtalsviljen er ikkje nokon ting verdt dersom han ikkje hev politiske krefter å stydja seg på. Då sit ein att med at det er diffuse maktstrukturar, nettverk og lobbyar som til slutt fær det som dei vil likevel. Alain Soral hev skrivt meir um dette i "Comprendre l'empire", som me hev meldt i dette nummeret.

Målmannen

Utgjevar:
Samorganet Målmannen

Tilskrift:
Målmannen
Postboks 599 Sentrum
5806 Bergen

Bladstyrar:
Olav Torheim
Epost: olaveth@gmail.com
Tlf: 99156428
Skype: fivreltd25

Netstad:
<http://maalmannen.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktør-plakaten!

I staden for byråkratiske strukturar der kvar og ein er tilordna sin vesle bit av ein agenda som han aldri fær innsyn i (compartmentalization), so treng me politiske soldatar som er røtte i heimstadbunden kultur og leidde av ein visjon - og som kann skapa motkrefter til dei sentralistiske og globalistiske systemet. Her er det gode nyhendet at me faktisk kann byrja med oss sjølve, me kann frigjera våre eigne sinn - me kann lesa alternative media, me kann skapa lokale møteplassar, me kann hjelpe einannan og soleides spara både tid og pengar som me elles lyt pumpa inn i eit system som motarbeider oss.

Våg å vera non-konform!

Stanley Milgram slo fast at Noreg var eitt av dei mest konforme samfundi i verdi, det finst lite rom for å stikka seg ut med alternative synsmåtar. Men våre synsmåtar burde til sjuande og sist ikkje vera kontroversielle - me vil berre attende til det gamle nordiske samfundet slik det ein gong var - med livande lokalsamfund, dugnadsånd og samhelde.

Den nordiske konformismen var naturleg i ei tid då ein hadde dei same grannane heile livet - og der ein faktisk hadde bruk for menneski ikring seg. I dagsens individualiserte og liberale samfund kann ein derimot kjøpa alle dei "tenestone" ein treng. Ekte venskap og kameratskap, smidd gjennom hardt arbeid og strid, det er vorte bytt ut med lause kontaktar og "nettverk". I staden for gode grannar og skyldfolk som er der når du verkelegt treng dei, so idest dei falske venene ikkje ein gong å møta deg for ein kopp kaffi dersom du hev mist jobben din. So kva er det å tapa?

Me må våga spranget ut i det kalde vatnet, men me treng ikkje hoppa frå 10-meteren. Me kann byrja der me er, her og no. Ei god byrjing er å segja nei til styresmaktene sine monsterkommunar og monsterregionar. God lesnad!

Regionreformi er ein retur til embetsmannsstaten

Av Olav Torheim

Det offentlege ordskiftet kring kommunereformi er vorte minka ned til eit spursmål um kva slags kommunar som skal slå seg saman med kven. Dette i staden for eit grunnleggjande ordskifte um kva slags strukturar det er som kann føra makti nærare folket. Det same er å tå henda med regionreformi: Styresmaktene vil skifta dei 19 fylki ut med 10 regionar, men utan å gjera greida for kva slags funksjonar dei 10 regionane skal fylla. Det lokale sjølvstyret og lokaldemokratiet stend langt sterkare i til dømes Tyskland og Sveits enn det gjer i Noreg. Dersom me fyrst skal skifta dei 150 år gamle fylki våre ut med "regionar", kvifor ikkje nytta høvet til å innføra regionalisme etter europeisk mynster?

Kommunalminister Sanner fær med rette kritikk for at han ikkje vil fortelja kva slags oppgåvor dei nye regionane skal få. På same måten som med kommunalreformi so skal ein fyrst slå saman til størst moglege einingar, og deretter skal ein finna ut kva slags funksjonar dei nye einingane skal få. Det mest handfaste som Sanner so langt hev kome med er at regionane skal få yvertaka andsvaret for kulturminne. Det lyder mest som eit internt skjemt på regjeringskontoret: Er det dokumentasjon yver dei nedlagde fylki, kommunane og lokalsamfundi som dei regiontilsette skal driva med?

Det er ikkje rart at Sanner vil ha samanslåing fyrst og deretter diskusjon um funksjonar. For Høgre og FrP ynskjer ikkje noko tridje forvaltningsnivå, dei vil einast ha stat og kommune. Sanner ynskjer i realiteten ikkje noko meir makt til regionane i det heile. Høgre og FrP gjekk til val på at fylkeskommunane skulde leggjast ned fullstendig og at det ikkje skulde finnast andre politiske forvaltningsnivå enn stat og kommune. Det er støttepartii Venstre og KrF som vilde halda på fylkeskommunen, og regionreformi er eit dvaskt kompromissresultat av dette.

"Dagens fylkesstruktur har gått ut på dato," hevdar kommunalminister Sanner. Normalt skulde ein tru at ein minister hadde ei viss ærefrykt når ein skulde gjera endringar i strukturar som er eldre enn noko livande menneske i Noreg. Og ikkje minst so burde me ha tid til å tenkja igjenom kva slags strukturar me ynskjer for samfundet vårt i dei neste 150 åri - fyre me byrjar å diskutera geografiske grensor for desse. Sanner snur det heile på hovudet: Han poengterar at det er 150 år sidan me fekk fylkesstrukturane, difor er det tid for



I Tyskland kjem ein seg hundrattals kilometer i timen på autobanen. Likevel er gjennomsnittleg folketal i dei tyske kommunane berre ein sjuandepart av det folketallet i dei nye norske storkommunane kjem til å verta.

endring no!

Heile retorikken um at storkommunane og regionane trengst for å levera meir effektive tenestor til flest moglegt er sers avslørande for den røynelege agendaen: Dette er ein agitasjon som retter seg inn mot menneske som ventar å finna nett dei same tenestene og tilbodi yveralt, same kvar dei til kvar tid skulde busetja seg. Det gjeld um å straumlineforma og samlokalisera flest mogleg funksjonar, slik at desse i neste umgang kann setjast ut på "anbud" og skiljast ut til private verksemder. At NHO gjeng heilhuga inn for kommunereformi er soleides ikkje noko under. Helder ikkje det at det til dømes er Nordhordland Handverks- og Industrilag som lokalt driv lobbyverksemd for storkommune i Nordhordland.

Myten um dei norske småkommunane

Det er ein regjeringsutbreidd myte at kommunane i Noreg er so småe. Jamført med andre land er dei faktisk store. Når Noreg i dag, med sine fem millionar menneske, hev 428 kommunar, so svarar dette til nesten 12.000 menneske per kommune. Dette kann ein jamføra med Tyskland, der 80 millionar menneske er fordelte på 11.116 kommunar ("Gemeinde"). I Tyskland vert det i snitt also litt yver 7000 menneske per kommune.

"Kommunikasjon og infrastruktur, næringsliv og bosetting har endret seg

radikalt," vert det hevda i stortingsmeldingi, og dette vert nytta som argumentasjon for at kommunane i dag er for småe...

Normalt skulde ein tru at Noreg, med sine fjordar og fjell og spreidde busetnad, hadde færre menneske per kommune enn det ein hev i eit land der 200 kilometer er undangjorde på halvannan time på ein "Autobahn", men her er det also motsett. Um riksstyret fær viljen sin og talet på norske kommunar vert kutta ned til 100, so er det also i snitt 50.000 menneske i kvar einaste norske kommune. Dette gjer dei nye kommunane til nokre av dei største i Europa!

Sentralstat eller føderalstat?

I Noreg gjeng det mot endå større kommunar og mot eit skifte frå 18 fylke til ti regionar, men utan at desse nye einingane vert delegerte nokon tilsvarande større politisk fridom. Det einaste som skjer er dimed at makti vert flutt endå lengre burt frå borgarane. Slik trong det ikkje um å vera.

Um ein ser til andre europeiske land som me gjerne jamfører oss med, so er mange av desse organiserte etter ein føderal modell - i staden for den sentraliserte modellen som rår i Norden i dag. Sveits med sine sjølvstendige kantonar og utstrekta bruk av folkerøystingar og direktedemokrati hev sumtid vorte drege fram,

men me treng ikkje å gå so langt sud i Europa som til Sveits. Um me helder til dømes ser til Tyskland, so hev Tyskland heilt sidan samlingi i 1871 vore ein føderalstat der dei ulike bundeslandi hev sine eigne delstatsparlament, eigi delstatsregjering, sjølvstendig politikk for skule og utdanning og so burtetter.

Tyskland er tufta på ein føderal modell der ulike "Bundesländer" hev eigne parlament, regjeringar og lovgjeving. Dei nasjonale styresmaktene hev ikkje andre andsvartsuppgåvor enn dei som eksplisitt er fastsette i grunnlovi.

Tyskland er tufta på ein føderal modell der ulike "Bundesländer" hev eigne parlament, regjeringar og lovgjeving. Dei nasjonale styresmaktene hev ikkje andre andsvartsuppgåvor enn dei som eksplisitt er fastsette i grunnlovi.

Den tyske grunnlovi er utforma slik at riksstyret einast skal taka seg av dei oppgåvone som grunnlovi eksplisitt gjev dei - som utanrikspolitikk, forsvarspolitikk, samferdselspolitikk, asylpolitikk. Andre oppgåvor som til dømes skulestell er det dei ulike bundeslandi som styrer med sjølve.

Um ein ser på det regionaliserte Tyskland, so er kvar region ("Bundesland") oppkløyvt i krinsar ("Kreise"), og kvar av desse krinsane er vidare oppkløyvde i kommunar ("Gemeinde"). Ein hev alto heile 4 ulike forvaltningsnivå, medan ein i Noreg hev 3 - og regjeringspartii Høgre og FrP tykkjer alto at det er for mange og vil helst kutta det ned til 2.

Me kann faktisk tillata oss å ha både kommunar, fylke og regionar - dersom me vil det. Til dømes innførde Charles de Gaulle på midten av 60-talet regionar i Frankrike, men utan å leggja ned dei gamle departementi som ein hadde havt heilt sidan den franske revolusjonen si tid. På same måten som ein i Tyskland hev Länder, Kreise og Gemeinde, so hev ein i dagsens Frankrike både regionar, departement og kommunar.

Det kann elles nemnast at den tyske føderalismen vart avskipa i tidi under det tridje riket. I staden vart landet kløyvt upp i "Gau" som var beinveges underlagde nazi-partiet. Ein fekk dimed nett dei tvo forvaltningsnivå som Høgre og FrP aller helst vil ha i Noreg. No skal eg ikkje gå so langt som å insinuera at Sanner er som Hitler, men det gjev ein noko å tenkja på...

Sjølvestyreplassen som stogga opp

Den sentraliserte staten som me hev i Noreg er ein arv frå 1814, då det norsk-danske embetsmannsveldet lyste Noreg sjølvstendig for å sleppa å leggja seg inn

under Sverige. Det sveiv seg her um ein liten minoritet som både språkleg og kulturelt stod langt undan fleirtalet av det norske folket i bygd og by. Arne Garborg hev skildra dette godt i si tvonasjonslæra ("Vaar nationale strid", 1911), og grunnlovsjubileet for tvo år sidan hadde vore eit godt høve til å henta desse tankane fram att frå gløymsla. Det vart diverre ikkje gjort.

På 1800-talet var det partiet Høgre som målbar interessone åt embetsmannsveldet, medan Venstre kjempa for å føra makti nærare folket. Det var ein kamp som gjekk parallellt med Venstre sin kamp for årleg storting og med framvoksteren av motkulturane (målrørsla, fråhaldsrørsla, lekmannsrørsla). Desse motkulturane stod serkskilt stod sterkt på Vestlandet.

I 1837 fekk me formannskapslovene, og det var slutt på at amtmann, lensmann og prest kunde styra bygdene åleine. Me fekk amtskommunar, heradskommunar og bykommunar. I 1919 vart amtskommunen umdøpt til fylkeskommune. Ordet amt kjem frå tysk og tyder ikkje noko anna enn "ombod", medan "fylke" kjem frå norrønt og hev med "folk" å gjera. Amtmannen, som seinare vart til fylkesmannen, var og er ein rein statstenestemann. Som namneendingi fortel so hev fylkeskommunen vore ein freistnad på å skifta ombodsmannsveldet ut med meir folkelegt forankra strukturar.

Når kampen millom nynorsk og bokmål stod so høgt på den politiske dagsetelen som han gjorde, so var det av di han gjekk rett inn i kampen millom motkulturane og umbodsmannsstaten. Nynorsken målbar tanken um at det ut frå mangfeldet av nedervde norske målføre og tradisjonar kunde utkrystallisera seg ein nasjonal ein-skap på heimleg grunn. Samstundes knytte han band både til Island og Færøyane - og ikkje minst til Sverige.

Dette prosjektet lukkast diverre ikkje. Nynorsk mål hev vore i vedvarande attendegang i heile etterkrigstidi. I staden fekk me bokmålet som på eit framandt grunnlag både einsrettar norske talemål og som kuttar oss av frå resten av Norden.

Heilt fram til 1962 so var ikkje bykommunane med i fylkeskommunen, og fylkeskommunane var dimed med på å dana ei motvekt til bydominansen i regionane. Men dette vart det slutt på, og i Hordaland vart jamvel Bergen Fylke integrert inn i Hordaland. Dette hev skipla heile balansen i regionen, og Hordaland er dei seinaste 30 åri vorte meir og meir til ein einaste stor bergensregion. Alle framstegi innanfor samferdsle og industriutvikling hev berre vore med på å hjelpa fram denne

tendensen.

Regjeringi varslar regionar med endå mindre makt enn fylkeskommunane i dag

Dei siste tiåri er fylkeskommunen vorten fråteken viktuge oppgåvor. Det er i staden vorte skipa reine byråkratiske regionar (helseregion, skatteregion) som er direkte underlagde staten. Sett i eit historisk perspektiv so er dette faktisk ei reversering av den lokale sjølvstyreplassen, det er ein retur attende til embetsmannsstaten.

Um ein ser på det som vert sagt i den stortingsmeldingi som riksstyret hev lagt fram, so er det tydelegt at det ikkje er tala um å gjeva dei folkevalde regionane større politisk avgjerds-makt enn det fylki hev i dag, snarare tvert imot.

Um samferdsel heiter det til dømes at "[s]tørre veger med sterke næringsinteresser kan vurderes overført til staten som en del av denne vurderingen". Den nye regionen fær alto mindre fridom til å driva næringsutviklande og heilskapleg samferdselspolitikk enn det fylki hadde med dei gamle fylkesvegane!

Um landbrukspolitikken heiter det vidare at "[d]et vurderes ikke som aktuelt å overføre landbruksoppgaver fra fylkesmannen til nye folkevalgte regioner."

"Et godt samspill mellom statlig sektoradministrasjon og den kommunale og fylkeskommunale forvaltningen er en forutsetning for en effektiv forvaltning", vert det sagt i stortingsmeldingi. Dimed ser me kva det er tala um, statlege administrative regionar skal ikkje inkorporerast i dei nye og politisk styrde regionane, dei skal eksistera parallellt med dei statsunderlagde, byråkratiske regionstrukturane.

Dei folkevalde regionpolitikarane fær med andre ord den same rolla andsynes dei statlege regionane som det EU-parlamentet hev andsynes EU-kommisjonen. Sistnemnde talar sjølv ope um det "demokratiske underskotet" som han slit med...

Medan ein med demokratiseringi på 1800-talet nytta høvet til å innføra rot-norske nemningar som herad og fylke, so skal "fylke" skrotast og skiftast ut med det papirknitrande "region". Det med segjer sitt om kva slags trendar regionreformi berre kjem til å forsterka...

Regjeringsstyrtd "regionalisering" gjev berre meir sentralisering

Norsk kultur er mangfeld, men den einsret-tande, marknadsliberale liberalismen som bokmålet og dagsens Oslo-kultur gjeng inn i, han er eit trugsmål mot dette mangfeldet.

Sume hev nett av denne grunnen vorte ihuga for ideen um å skipa ein eigen vest-

landsregion som ei motvekt til dette. Kor som er: Den vestlandsregionen som styresmaktene legg upp til no, han kjem derimot berre til å driva fram ei sentralisering kring Bergen og Stavanger. Han kjem til å pressa urbanisering og bokmål på nynorskbygder. Mykje av dei gamle bygdekulturane og motkulturane som hev vore med på å halda Vestlandet uppe, dei er åt å verta burte - og framvoksteren av ein vestlandsregion dominert av Bergen og Stavanger kjem berre til å akselerera dette.

Her kunde det vera på sin plass å sitera Jon Fosse, som i eit intervju i Bergens Tidende slo fast at det finst ei kulturell kløft millom Bergen og Vestlandet elles:

«Bergenskulturen har definert seg negativt mot strilekulturen, med det meiner eg heile den nynorske kulturen, både folkekulturen og elitekulturen. Det er ei ulykke og ei skam at det ikkje finst ein einaste nynorskinstitusjon i Bergen, byen som er hovudstad i nynorskland. Eg mislikar sterkt attityden at sjølv det lågaste av bergenskulturen skal vera betre enn det beste av strilekulturen» (Kjelda: «Jon fosse drakk døgnet rundt», Bergens Tidende 15. november 2013).

Stortingsrepresentant Bård Vegar Solhjell (SV) uttrykte nylegt liknande tankar:

“Bergen er altså ein av mine byar. Min aldri hovudstaden min . Den var, og er ikkje, sentrum i mi kulturelle eller politiske verd. Bergen er heller ikkje ein by eg tenkjer representerer meg, min bakgrunn (frå Sogn og Fjordane) eller regionen eg vaks opp i overfor Oslo. [...] Bergen vart aldri motkulturane sin representant. Nynorsk står ekstremt svakt i Bergen. [...] Men viktigare, Bergen forsøkte heller aldri strekke ut ei hand for å samle breiare støtte i regionen (sjølv om bystyret nyleg har gjort viktige nynorsk-vedtak!). Snarare tvert om, det bergenske borgarskap kjennest meir framandkulturelt for ein bygdegut frå Sunnfjord enn dei fleste andre folkegrupper i Noreg.”

(“Min by. Men ikkje min representant”. Kommentartittel i Bergens Tidende, 8. april 2016).

No stend kommunane og dei reint byråkratiske institusjonane att som ein siste skanse mot einsrettingi.

Um ein til dømes jamfører Sogn og Fjordane sine 110.000 menneske med den halve millionen som bur i Hordaland, so veit ein kvar tyngdepunktet i ein samanslegen fylkeskommune kjem til å liggja. Når dei politiske institusjonane i Sogn og Fjordane vert burte, so kjem det helder ikkje til å vera politiske krefter att til å driva utvikling på region-nivå. Det heile kjem til å verta styrt frå dei store byane, der bok-



I staden for riksstyret sine pseudo-«regionar», lat oss krevja regionalisering etter tysk og europeisk mynster!

målet og bykulturen rår grunnen.

Alternativet: Desentralisert regionalisme på fullnorsk grunn

Europa er ikkje det same som EU. Ein kunde ha sett fyre seg eit imperialt Europa, tufta på noko anna enn reine marknadsumsyn - der den etniske og kulturelle identiteten stend i sentrum, og der det andre finn sin naturlege plass i eit hierarki. Nord- og Sør-Europa kann verta motpolane som spinn kring den same imperiale aksene, det er ein av visjonane som den italienske tenkjaren Gabriele Adinolfi nylegt hev kasta fram. Han byggjer vidare på idear som Alain de Benoist sitt franske nye høgrev stede for i meir enn ein mannsalder.

Liknande visjonar kann kastast fram for vårt eige langstrekke land. På same måten so er Noreg meir enn berre Austlandet - og Austlandet er meir enn berre Oslo.

Eit desentralisert Noreg med ein vestlandsregion, ein trønder-region, ein nordnorsk region, ein Agder-region og ein austlandsregion hadde slett ikkje vore utenkjelegt. Men då må regionane verta

regionar etter europeisk mynster. Regionar som fører makti nærare folket og som kann vera ei vidareføring av dei sjølvstyreprosessane me hadde på 1800-talet, ikkje ein retur attende til embetsmannsstaten slik riksstyret legg upp til no.

I staden for riksstyret sine pseudo-"regionar", lat oss krevja regionalisering etter tysk og europeisk mynster!

I staden for riksstyret sine pseudo-"regionar", lat oss krevja regionalisering etter tysk og europeisk mynster!

Grunnlovsjubileet i 2014 vart avslutta utan at me nytta høvet til å få eit grunnleggjande ordskifte um kva slags makstruktur det er som er dei mest tenlege for landet vårt. Kommune- og regionreformi er vorte det neste høvet som kom til å reisa dette ordskiftet. Arne Garborg skreiv i «Vaar nationale Strid» at kampen stod millom det norske folket og eit framandt embetsmannsvelde. I våre dagar hev EU, EØS og TISA/TTIP gjort dette embetsmannsveldet både globalt og permanent. Det er tid for ein motstøyt!

Europeisk vestlandsregionalisme på fullnorsk grunn

Av Olav Torheim

Eg vil med dette taka til ords for at det vert skipa ein vestlandsregion som er strukturert ut frå omsyn som spesifikt skriv seg frå den historiske og kulturelle serhåtten på Vestlandet. Ein region som byggjer upp under og styrkjer vestlandsidentiteten, framfor å bryta honom ned.

Mykje av politikken hev til gode å verta utvikla, naturleg nok, men dei grunnleggjande prinsippi fylgjer nedanfor:

Administrasjon


Det vert skipa ein vestlandsregion, sett i hop av Sunnmøre, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Det hev alt kome klare politiske signal frå Sunnmøre um at dei helder vil vera med i ein vestlandsregion enn å leggja seg inn under Trondheim (sjå til dømes "Sunnmøre vil gå saman med Nordfjord", <http://www.nrk.no/mr/slik-kan-det-nye-regionkartet-sja-ut-1.12897519>). Eit utvida Sogn og Fjordane, der Sunnmøre er med, gjev dessutan maktbalanse andsynes det langt meir folkerike Hordaland og Rogaland.

Ein vestlandsregion etter europeisk, føderalt mynster - der Sunnmøre er med for å gjeva Sogn og Fjordane ryggstø andsynes Hordaland og Rogaland.

Ein vestlandsregion etter europeisk, føderalt mynster - der Sunnmøre er med for å gjeva Sogn og Fjordane ryggstø andsynes Hordaland og Rogaland.

Vestlandsregionen vert ikkje skipa for å skifta ut fylki, men for å taka yver dei funksjonane som staten hev teke frå fylket og fylkeskommunen. Dei tri vestlandsfylki vert dimed vidareførde, men det vert skipa eit nytt politisk nivå med større handlefridom og fleire arbeidssuppgåvor.

For å hindra at Vestlandsregionen fær ein altfor sterk bergensdominans, so vert Bergen skilt ut att frå Hordaland som eit eige fylke. Dette på same måten som mange storbyar i Tyskland er "Kreisfreie Städte", direkte underlagde det bundeslandet dei høyrer til (Me hev jamvel Bremen som er eit Bundesland for seg sjølv). Den same løysingi kunde Stavanger og Ålesund få. Desse fylki kunde vera språknøytrale, medan Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Sunnmøre hev nynorsk administrasjonsmål. Vestlandsregionen skal administrerast på nynorsk, og det er denne regionen som fær attende



Ein vestlandsregion etter europeisk, føderalt mynster – der Sunnmøre er med for å gjeva Sogn og Fjordane ryggstø andsynes Hordaland og Rogaland.

andsvaret for til dømes sjukehusi (framleis nynorsk på Haukeland).

Språkpolitikk

Jamstellingi millom bokmål og nynorsk er illusorisk. Den norske "språkfreden" hev ført til at det vert eit tabu å føra grunnleggjande diskusjonar um kva som skal vera innhaldet i det norske. Språkvalet er vorte privatisert til eit spursmål for den einskilde um kva for eitt av dei tvo "jamstelde målformene" det er ein vil nytta. Dette fører ikkje til nokor røyndeg "språkfred", det fører til at bokmålsbrukarar kann flytja ut i Nynorskland og krevja bokmål til ungane sine. Det hev ikkje vore ei einaste offensiv målrøysting sidan krigen, og norskt mål er på vikande front i randsonane kring Bergen og Stavanger.

Ein vestlandsregion bør gje nynorsk eit røyndeg lovvern som eit regional-språk. Retten til parallellklassar på bokmål i nynorskumråde bør fjernast, sidan han einast tener til å utbreida bergensmål og bokmål og trengja burt lokale dialektar og kultur. Norskupplæring for innvandrarar til heile vestlandsregionen må vera på nynorsk og berre nynorsk.

Skulepolitikk

Slik stoda er i dag, so er det bokmålsellevane som treng å læra nynorsk, ikkje umvendt. Kravet til språkkunnskap må

vera det same, men sidemålsundervisingi i Vestlandsregionen kann godt bytast ut med ein einfeld "bergenstest". Den frigjorde tidi kann nyttast til å lata elevane få grava seg ned i det som faktisk er det klassiske målet åt oss på Nordkalotten. På same måten som i gamle dagar, so må me få attende landsgymnas med norrønalina på Voss.

Jordbrukspolitikk

Den rådande nasjonale politikken favoriserar store bruk på Austlandet. Jordbrukspolitikk måta etter småbruk med økologiske nisjeprodukt, det er framtidi for landbruket på Vestlandet. Vestlandsregionen treng ein sjølvstendig jordbrukspolitikk som legg til rettes for dette.

Vestlandsregionen treng ein sjølvstendig jordbrukspolitikk som legg til rettes for småbruksdrift og nisjeproduksjon.

Vestlandsregionen treng ein sjølvstendig jordbrukspolitikk som legg til rettes for småbruksdrift og nisjeproduksjon.

Helsepolitikk

I 2002 vart fylkeskommunane fråteke andsvaret for sjukehusi, og desse vart lagde inn under dei nyskipa helseregionane. Resultatet hev vore ei utarming av helsetilbodet i distrikti. I Volda på Sunn-



Framsteigi innanfor samferdsel i Hordaland – Nordhordlandsbrua, Sotrabraua, Askøybrua – hev einast tent til å utvida fylket til eit einaste Stor-Bergen. Slik trong det ikkje um å vera.?

møre kjempar lokalfolkesetnaden for at akkuttilbodet ved sjukehuset skal halda fram, men korkje regionale byråkratar eller rikspolitkarar vil lyda til dei. Helseregion Vest lyt leggjast inn att under dei folkevalde i Vestlandsregionen. Slik kann lokalfolkesetnaden i vest atter få ein politisk kanal der dei kann verta høyrde og påverka dei politiske prosessane.

Samferdselspolitikk

Samferdselspolitikken på Vestlandet stend ved eit vegskilje, bokstavelegt tala. NHO kom for eit år sidan med ein rapport der det vart slege fast at folketalet i Noreg kom til å veksa til 7 millionar dei neste 25 åri og at det meste av denne voksteren kom til å verta i storbyane. Dei vilde at styresmaktene skulde taka konsekvensen av dette og prioritera samferdsel kring dei store byane.

Det neste store prosjektet på Vestlandet er ferjefri E39 som skal knyta saman storbyane Trondheim, Bergen og Stavanger. Gigantomanien kjenner ingen grensor, som med den planlagde seks kilometer lange brui yver Bjørnefjorden.

Nordhordlandsbrui, Sotrabraui og Askøybrui hev ført til at Bergen ekspanderar i alle leider. I gamle dagar var det båttrafikk som knytte saman Øygarden, Herdla og Holsnøy, og det kann ein framleis høyra att på dialekten, men no kjem ein seg ikkje lenger frå Holsnøy til Øygarden utan å køyra innum Bergen. “Dar gjekk dampen”, som Ivar Medaas syrgmodig kunde slå fast...

Slik trong det ikkje um å vera. På Søre Sunnmøre er Volda/Ørsta vorte eit

sentralt knutepunkt millom Ulstein (Eiksundsambandet), Stryn (Kvivsvegen) og Nordfjordeid (upprusta RV651). Desse vegprosjekti er resultat av trottugt arbeid frå lokale eldsjeler og entreprenørar med visjonar for bygdene sine. Slik er Søre Sunnmøre vorti ei motvekt til ålesundsdominansen lengre nord.

Takk vere den visjonære Kjell Opseth hev Årdal og Lærdal fenge gode samband både til Bergen og Oslo, med upprusta E16 og verdsens lengste tunnel-

samband. Hydro Aluminium i Årdal hev makta den vanskelege umstillingi til meir miljøvenleg teknologi og hev no dubbelt so høg produksjon som tidlegare, med berre helvten so mange tilsette.

Samferdselspolitikken på Vestlandet må prioritera at verdiskapingi ute i distrikti framleis fær gode voksterkår og at det kann veksa fram naturlege senter og knutepunkt ute i distrikti som kann skapa motvekt til storbydominansen.

Det er til dømes ingen grunn til at ein ikkje kann få snøggbåtruta i Nordhordland millom Øygarden, Herdla og Holsnøy. Gode kommunikasjonar skaper samhandling, og industrien i Nordhordland gjer det til dømes stort innanfor off-shore og havbruk.

På same måten bør Vestlandsregionen skrinleggja dei gigantomane planane um ferjefri E39 og i staden arbeida for å utvikla Haukelivegen - alternativt Haukeli-høgfartsbanen - som det nye sambandet millom Aust- og Vest-Noreg. På denne måten fær ein samstundes knytt saman både Sunnhordland, Hardanger og Vest-Telemark, og det langs ein urnorsk akse som gjeng frå Sørvestlandet til fjellbygdene på Austlandet. Nye samband kann få veksa fram i kjølvatnet av dette, og den nynorske bygdekulturen i Vest-Telemark kann få eit sårt tiltrengt ryggstø frå vest.



Vestlandsregionen treng ein sjølvstendig jordbrukspolitikk som legg til rettes for småbruksdrift og nisjeproduksjon.

Skattepolitikk

Dei gamle fylkesskattekontori er vortne lagde ned og skifte ut med statlege skateregionar. Desse regionane må inn att under regional, politisk kontroll.

Dagens system med differensiert arbeidsgjevaravgift er basert på eit system med ei rad ulike soner der grensone gjeng på kryss og tvers yver heile landet. I samband med kommunereformi opplever ein faktisk at næringslivet i mange utkantkommunar kjem til å tapa store pengesummar på at dei hamnar inn under ein storkommune med høgare arbeidsgjevaravgift. Denne soneinndelingi bør takast burt, og i staden må det vera upp til styresmaktene i kvar region å fastsetja arbeidsgjevaravgift. Det høyrer med til den økonomiske og finansielle verktøykassa som ein sjølvstendig region må kunna nytta seg av.

Næringsgrunnlaget på Vestlandet (olje/offshore, verftsindustri, kraftkrevjande prosessindru), Nord-Noreg (fiskeri), Austlandet (jordbruk, skogbruk) er sers ulikt. Fallande oljepris fører til at det trengst tiltak for å stimulera umstilling og nyskaping på Vestlandet, og redusert arbeidsgjevaravgift er millom verkemidli som styresmaktene i Vestlandsregionen bør kunna nytta seg av.

Innvandringspolitikk

Etablering av asylmottak er ingen politisk prosess i det heile, slik stoda er i dag. Det vert styrt av fylkesmannen, DSB og

UDI - utan at lokalpolitikarar hev nokon ting dei skulde ha sagt. Asylmottak vert påtvinga lokalsamfundi mot deira vilje.

Huseigarar vert tilbodne titals millionar for å leiga ut, same kva resten av lokalsamfundet skulde meina um det. Hotell og pensjonat på konkursens rand fær ein ny sjanse dei ikkje kann segja nei til. Hadde dette hendt i Russland hadde ein kalla det for mafiaverksem.

Fylkesmannen er ikkje underlagd fylkestinget, men er staten sin representant i fylket. Her er det den gamle embetsmannsstaten som stend fram att med sitt grimme andlet og pressar igjennom endringar som folket ikkje vil ha.

I Årdal vart resultatet av denne statlege framferdi fatalt, med massakren på Valdressekspresen som kosta tri menneske livet.

Det må verta slutt på å tvinga asylmottak på vestlandskommunar. Det som hende på Valdressekspresen i 2003 og 2013 skal ikkje få lov til å henda for tredje gong. Dei folkevalde i Vestlandsregionen må sjølve få styra inntaket av flyktingar og asylsøklarar. Me vil ikkje ha Grorudalen på Vestlandet!

Ei strukturendring som kann føra makti nærare folket

Uppslutnaden um kommune- og fylkestingsvalet i 2015 var historisk dårleg. Noreg er vorte eitt av dei mest sentraliserte landi i Europa, og det er sers fåe høve for borgarane til å påverka einskildsaker.

Meiningsmølingar syner at den rådande politikken på ei rad umkverve er stikk i strid med folkeviljen (EU, innvandring, datalagring, kommunesamanslåing...).

Ei regionalisering etter føderalt, europeisk mynster hadde i norskt hopeheng vore ei revolusjonerande åtgjerd for å føra makti nærare folket. Motargumentet frå styresmaktene kjem til å vera at me ikkje hev nokon historisk tradisjon for føderalisme eller regionalisme i Noreg og at Noreg tvert imot er ein sentralstyrd stat. Men då veit me samstundes kva det er kommune- og regionreformi berre kjem til å gjeva oss endå meir av.

Ei retteleg regionalisering av Noreg inneber ei umfemnande strukturendring. Ei strukturendring som må drivast igjennom politisk. Dette i motsetnad til dei strukturendringane som me i dag fær langsamt og heilt "av seg sjølv", med di me yverlet "utviklinga" til marknadskreftene...

Ein europeisk vestlandsregion på fullnorsk grunn er ikkje noko som kjem til å skapa seg sjølv, men i kampen for denne regionen kann me både samla dei heimstadtrugne politiske kreftene som finst i dag og me kann skapa heilt nye alliansar og initiativ. Samstundes er det ein visjon som er so radikal at han kjem til å skapa eit nytt skilje millom mange som kanskje berre trudde at dei stod på same sida: Vil me føra reaksjonær forsvarskamp mot sentraliseringskreftene eller vil me koma på framvegen og sjølve skapa noko nytt? Terningen er kasta.



«Det som hende på Valdressekspresen i 2003 og 2013 skal ikkje få lov til å henda for tredje gong.»

Eivør Pálsdóttir trollbatt Bergen

Av Megan Leo

Det var i det koselege litle konsertlokalet på Madam Felle at ein kunde finna den færøyske musikalrinna Eivør Pálsdóttir, i Bergen den 13. april 2016. Ho spela med backingbandet sitt og hadde med sin eigen islenske toneteknikar. Det vart ein musikk-kveld utanum det vanlege.

Og for ei bra stemning det vart! Det var trulegt 60-70 prosent damor millom dei framømte, men jamvel hjå mannfolki var det tydelegt at Eivør fengde. Eg hyrde ein av deim segja at det var den beste konserten han nokon gong hadde vore p.

Eivør tala til dei framømte i ein freistnad p å tala "norsk", altso bokml, og det jamvel med ein bergensk skarre-r. Det var stt å hyra p, og minte framfor alt um dansk - eit ml ho kann godt. Eivør talar personlegt og venlegt til publikumet sitt.

Eivør sjlv sagde at ho gjerne kom attende berre for å taka seg ei l eller tvo, so koseleg som denne staden var. Madam Felle ligg midt p Bryggen, og hadde alt det som gjev Bergen sjarm - og ingenting av det som hev gjort byen drleg.

Ho spela gjenom songane fr det nye albumet sitt, "Slr". Det meste var p færysk, men nokre songar var p engelsk med - inkludert "Boxes" og "True Love", som var millom hgdepunkti for kvelden. Favoritten min var like fullt "Trl-labundin", det kjenner seg so magisk å lyda til den sjamanistiske trumbingi og syngingi.

Eivør spelar mange slags ulike gitarar



og ei slags handtrumba. End so kreativt ho nyttar seg av desse instrumenti, so held ho alltid takti perfekt, og det heile hver perfekt saman med alt det andre i musikken.

Det verka som ingenting kunde g gale denne kvelden. Alt var heilt p plass, og

likevel so var det so mykje nervar, hjarte og sjel i musikken. So livande! Det er ikkje ofta ein uppliver ein kveld med musikk som berre er heilt "perfekt", men denne kvelden var det.

Eldamar - "The force of the ancient land"

Av Ornella Winter

Myrk og tangentfjl-driven stemningsmusikk - fr Askim av alle stader. Det er det som Eldamar kann by p. Attum Eldamar stend ein ung mann som hev late seg kveikja av bde Tolkien og av norrn mytologi. Han fortel at han vil gjeva folk lydarupplevingar som fører dei nrare naturi og forfedrane vre. Lyder dette kjent? Ja, det gjer det, men Eldamar lukkast faktisk med det.

Den fyrste lti byrjar med eit mildt tangentfjlspel der det same temaet gjeng runde etter runde, med ymse slags avleidande effektar undervegs. Det er lett suggerande og det er eigna til å setja lydaren i ein serskild stemningsmodus. Ein kann lata tankane vandra dialektisk til alt det vene - og skyre - som ein hev

havt og hev i livet sitt.


Det symfoniske og triumferande keyboardspelet i "Winter night" minnar um Windir-lti "Fagning". Den depressive riffingi i "Spirit of the North" minnar derimot um tidlegt Dimmu Borgir.

"New Beginning" lyder til tider som Summoning, men samstundes med ein varme som legg seg yver alt det depressive.

Her er det tydelegt at det sviv seg um ein muskar som kjenner seg godt ut med eit stort spekter av melodios metallmusikk, og som sjlv maktar gjera sin eigen syntese av alled desse pverknadskjeldone.

Resultatet er ein slags drymande avslappingsmusikk som ein kann lyda til

i timesvis utan å g leid. Ltane er lange og lett repetitive, men hev samstundes den nerven i seg som gjer at ein ikkje gjeng leid.



Gaahl's Wyrd på Garage

Av Megan Leo

Det var ei musikalsk oppleving med innslag og stemningar som dei fleste svartmetallkonserter ikkje kann by på. Med alt frå sagbladspeling og dreielire til meir "tradisjonell" svartmetall-instrumentering – og synging av det mest mangslungne slaget. Gaahl's Wyrd var soleides ikkje heilt det som ein kanskje hadde sett fyre seg.

Med Lindy-Fay Hella og Einar Selvik (Kvittrafn) so tenkte eg fyrst at her fekk me kanskje kjenna på litt av den same stemningi som ein finn i Wardruna-musikken. Men det var riv ruskande gale: Gaahl's Wyrd hev mykje meir sams med God Seed og Gorgoroth enn det hev med Wardruna. Samstundes må det segjast at Gaahl's Wyrd er litt meir originalt i ljod og stemning enn det Gorgoroth og God Seed hev vore i det seinaste.

Når det kjem til det tekniske, so vart musikken framförd på framifrå vis. Dei tvo gitaristane var dugande karar, og bass og trumbor var alltid i same takt. Rett og slett ein gruppekjemi som vitnar um at her må folk ha spela saman i mange, mange år (ti år minst, skulde ein tru ut frå det ein hørde).

Stemmingi på konserten var sumtid so underleg at ein fekk litt av den same kjensla som ein fær når ein er på eit sirkus. Publikum



var mildt sagt mangfelt, frå gamle metallgubbar til litt yngre menneske. Det subkulturelle innslaget ytte sitt til den eklektiske stemningi.

Songane var ei god blanding av både nye Wyrd-låtar og gamalt materiale frå Gorgoroth («Carving a Giant») og Trelldom. Det kjende

seg i all fall som ei musikalsk reisa gjennom svartmetallsoga. I nokre augneblinkar hadde ein tenkt seg attende til tidlegare tider i Bergens black metal – den gongen det enno var ferskt, nytt og færligt.

Witchblood - ein emosjonal berg- og dalbane

Av Ornella Winter

Den thrashfylde svartmetallgruppa Witchblood - eller den svartsminka thrashmetallgruppa, um ein helder vil det - er ute med det tredje albumet sitt, "Sorceress of the black sun". Albumet er merkt av både kontinuitet og nyskaping, det hev både attersynsledda og positive yverraskinga å by på.

Både estetikken på plateumslaget og tekstmaterialet på plata syner at Witchblood med denne utgjevingi hev byrja orientera seg mot det ein kann kalla for nasjonalsinna svartmetall. På framsida av umslaget fær må sjå artisten fotografert attanifrå, skodande mot mystiske fjell som stikk opp frå eit skoddehav - og i bakgrunnen skimtar me ei neddimma, svart sol. Er det dei løyndi kreftene frå forfedrane som ho hev sett seg fyre å mana fram?

Etter at melodios intro med tangentfjøl hev tona ut, so køyrer me oss rett inn i ein kjapp og syrgmodig motmelodi som gjeng på toppen av eit nedmiksa thrashriff. Vokalisten nyttar seg av heile "frekvensspekteret" frå skriking til

gryling, det er både klagande og aggressivt på ein gong. På slutten av låti kjem det til eit tempoveksel med rytmisk arpeggiospel, kvinneleg klårvokal og ein harmonisk gitarsolo. Min fyrste tanke då eg hørde dette var at det minnar meg um gotisk metallmusikk frå slutten av 90-talet, men det er trulegt ein karakteristikk som artisten sjølv vil motsetja seg.

Etter det yverraskande andresporet kjem det låtar som er meir reindyrka svart-thrash, som med "Rise up, destroy the parasites". Vidare so hev ein låtar som "An oath sworn in swords" der 80-talsliknande, teutonisk thrashmetall med vilt og leikande gitarspel vert avslutta med meir rockige akkordprogresjonar og harmonisk gitarsolospel. Det er etter måten mange spor som vert avslutta på denne måten, og dette gjev høve til å roa nervane undervegs i lydarykti.

Det er minimalt med toneskjelvpukk og blastbeats på denne plata, jamvel um det hender. Derimot er plata merkt av ein stor variasjon i gjenomtenkte riff. Likeins er det ein sers intelligent trommebruk

som er med på å byggja upp under riff og melodiar som soleides aldri rekk å verta repetitive på nokon keidsam måte. Ein maktar å kombinera elementa av både det svarte, det thrashute og det rocka på ein måte som kann gje visse assosiasjonar til "The Shepherd and the Hounds of Hell" (Obtained Enslavement, 2000) - men som elles ikkje er so godt å setja i bås eller jamføra med nokonting anna.



Imperium

Av Gabriele Adinolfi

Keisar Octavian la grunnlaget for det romerske Imperiet med ei sublim handling - der dei ulike regionale tradisjonane fekk eit universelt senter. Imperiet transcendererte den romerske republikken, og soleides kunde det helder ikkje verta burte då det romerske riket sjølv gjekk under. I staden hev Imperiet halde fram som ei underjordisk elv gjennom den europeiske saga.

*Den imperiale tanken legg eit mentalt og politisk rådeverk som fører til at regionale, nasjonale og europeiske identitetar kann utfylla einannan - i staden for å gå på kostnad av kvarandre. Imperietanken syter for maksimal autonomi og maksimalt andsvar på kvart nivå. Det er den einaste moglege strategien for å gjeva dei europeiske nasjonane makt og suverenitet attende i ei tid med satellittyvervaking, "big data" og stødt meir avanserte militære system - og der den formelle, parlamentariske makti hev smuldra burt og vorti utskift med den uformelle makti åt bankar, multinasjonale konsern og pengesterke lobb-
yar.*

Men ikkje berre det: Jamvel som einskildmenneske kann me velja å knyta oss opp mot Imperiet, me kann tenkja og handla som imperiale einingar - og gjera full nytte av den autonomien og det andsvaret som dette gjev oss. Den imperiale tanken er ein mental leidetråd for alle menneske som kjempar for å verta frie og som samstundes ynskjer å vera med på noko som er større enn dei sjølv. Me kann flytja oss langs den imperiale aksene og syta for at saga gjeng vår veg, me kann flytja våre verdiar ut frå mogleiksrommet og inn i eksistensrommet.

Kampen stend her og no, "hic et nun", og samstundes er det nett denne kampen som kann skriva nami våre inn i æva - med di me skaper ei ny og betre framtid for borni og barneborni våre. Gabriele Adinolfi skriv meir um dette i ei tekst som snart kjem til å verta offentleggjord på mange ulike språk, og der me hev gleda av å kunna leggja ut den norske umsetjingi.

Imperium

Imperium var ikkje berre grunnlaget for den militære kommandostrukturen i Roma, det var eit aksla privilegium - nett som sverdet, fasces og septeret er forma kring ein akse. Soleides svarar det til aksene åt heile verdi. Imperium var opphavleg knytt til liktoriske fasces i det gamle romerske monarkiet, der det å verta konge innebar å verta "Rex et Pontifex" (drott og prest), og soleides tena til bru millom det



Gabriele Adinolfi.

synlege og det usynlege, og det i kraft av å vera ein fast pol.

Han som tok Imperium, han hadde ei sterk åndeleg kraft. Evola-kjennaren Mario Polia slær fast at denne krafti "gjev saker og ting høve til å gå frå sfæra åt det moglege og inn i sfæra åt det som faktisk finst. Dette anten det gjeld siger i krig eller um det gjeld fræve, god helsa eller rekkjefylgja åt årstidene".

Auctoritas skriv seg frå Imperium. Båe umgripi er nært knytte til konseptet og funksjonen åt verbet augere (augeo, es, auxi, auctum, augere) som heiter å "auka upp" (rikdom, helsa, fræve, osv). Ordet Augustus, som Octavian proklamerte seg sjølv som, kjem frå dette. Historikarane reknar Octavian som grunnleggjaren åt imperiet. Faktisk so var Augustus opphavleg eit adjektiv, og det vart skriva som "Augusto Augurio Roma Conditā".

Me kann segja at Augustus grunnla Imperiet med ei sublim akt: Han knytte saman tradisjonane åt dei romerske urbs, og det på ein slik måte at han gav deim eit universelt senter. Nær sagt inspirert av Janus med det duble andlitet, so var den adopterte sonen åt Julius Caesar i stand til å sveisa saman, ein gong for alle, tvo ulike ventnader som båe var på jakt etter eit sentrum:

Med konsulat-reformi, som formelt sett vart ståande under heile imperietidi, og med etableringi av ein Princeps, som fyrst og fremst var ein tribun med utvida fullmakter, so oppfylde han romerske ventnader.

Samstundes vart universelle ventnader oppfylde med di Princeps vart gjord til ein Divus som garanterte for ei verd som både var samla og mangfeld på ein gong. Ei verd der alle sedvanar, guddomar og lover kunde eksistera

jamsides, so sant dei ikkje kom i motstrid til Ius.

Her er det verdt å merka seg at Ius knyter seg til verbet iubere (iubeo, es, Iussi, iussum iubere). Jamført med imperare, so indikerar det ei onnor meining av det å kommandera, å gjeva ordrar, å ha folk til rådvelde. Dette er den lovgjevingsvisdomen som kjem frå Imperium.

Det er dette som er det serskilde med det romerske imperiet, og som løyste dei strukturelle problemi som ein tidlegare hadde havt både med monarkiet og med republikken. Det er samstundes nett det som skil det romerske imperiet frå alle dei etterfylgjande styreformene som romarriket framleis inspirerte (jamfør at både Kaiser og Czar kjem frå Caesar). Kolonialisme og imperialisme hev eit tildriv til å einsretta alt, medan Imperiet tvert imot både tilbyd, vernar og dyrkar fram eit mangfelde.

Imperiet gjer dette både frå eit religiøst, kulturelt, moralsk og jamvel sosialt synsleite, sidan heile fundamentet for Imperiet er konseptet um Caesarisme (eller Augustan Tribunat). Caesarismen er tufta på tillitstilhøvet millom den tribunske leidaren - keisaren - og folket. Til liks med tribunen skal keisaren syta for at dei veike hev eit rettsvern.

Lat oss starta frå dette utgangspunktet når me no skal freista finna løysingar på tvo grunnleggjande flokar i vår tid, ein ytre floke og ein indre floke.

Den ytre floken sviv seg um å finna ein "historisk" veg ut or den sivilisasjons- og identitetskrisa som me hev råka ut for.

Med ein “historisk utveg”, so meiner me at ein sovoren utveg må vera i samsvar med det som trengst i vår tid. Vår tidbolck hev sin eigen dynamikk, og vårt svar på dette kann visselegt ikkje vera passiv motstand eller nostalgialgi til det som ein gong var. Um me meiner at utviklingi ikkje gjeng vår veg, so må me tvert imot handla for å tvinga fram ei endring. Me må syta for at det som hender tek til å tena våre egne idear og ikkje andre sine.

Tidbolcken med globalisering, med globalisme, med forvirring, med “smeltedigelen”, med det trans-nasjonale og det yvernasjonale, det er visselegt meint å vera tidbolcken åt imperialismen (eller til ulike imperialismar som knyter seg saman med gjensidige nytteverknader). Denne imperialismen blæs burt alle slags fridomar, alle identitetar og alle skilnader -og alt dette i namnet åt eit påstått mangfelde som til sjuande og sist er samla i ein skøyr bygning av moralsk konformisme. Det gjeld både veremåtar, klesplagg og den stive etikken - der etikk kjem frå det greske ethos, åtferd. Det einaste alternativet til dette? Imperiet - ikkje imperialismen.

Når me talar um Imperiet, so treng me ikkje um å tala um ei endeleg og presis politisk form. Derimot er det um å gjera å finna attende til den imperiale aksen med alle dei opphavlege serdragi sine - utan noko undantak.

Det finst ingen annan måte å skapa eit alternativ til det teknokratiske og byråkratiske monstret - og til den nivellerande føderalismen som dette monstret stend for. Det må skapast ei motkraft som - i namnet åt Auctoritas og Imperium - kann svara til dei kravi som i dag ikkje er til å koma i frå. Me stend på terskelen av ein ny æra av kontinentale dimensjonar, med eit satellitt-Nomos der informasjon og avgjerder gjeng verdi rundt på null sekund. Det trengst eit alternativ som kann svara til dette og som samstundes kann sikra og dyrka fram alt det sermerkte.

Korleis?

Me treng ikkje gjera framlegg um å etablara eit proklamert imperium, med ein keisar som skal ha andsvaret for oss alle. I staden so slær me fast at me treng å fylgja ei retningslina som kann gje oss høve til å leggja vårt eige grunnlag. Det heiter, å spora upp ein Mundus og skapa ein Orden.

For å koma i gong med dette, so lyt me kopla oss saman att med den underjordiske elvi som renn sidan 476 etter Kristus. Det året gav Romulus Augustus, den siste romerske keisaren, truna si yver til Odoacer. Odoacer var kjend som kongen åt herulane, men faktisk so var han leidaren for den germanske stamma som vakta på løyndomen um runane. Odoacer var Odowakhr, meir eller mindre



Octavian grunnla imperiet med ei sublim handling. Han knytte saman dei lokale tradisjonane med di han gav deim eit universelt senter.

beinveges umsett til den store vaktaren. Sidan den gongen hev imperiet halde fram på diskret vis, runne or denne arven og med det som seinare skulde verta til Ghibeline-aksen. Denne aksen knytte uløyselege samband mellom Roma og den protohistoriske fyregjengaren Tyskland. Soleides tok han med seg alle dei imperiale kvalitetane som framigjenom hundradåri hev kome til uttrykk - frå Konstantinopel til St. Petersburg, frå Wien til Berlin - og umveges gjennom Napeloen sitt Paris. Alt dette på ein ny måte, men likevel svært solid.

Å reisa den imperiale aksen heiter å kjenna til og finna att dei forhistoriske og historiske sambandi mellom polane i Europa, slik at dei kann utvikla seg i samsvar med kvarandre og samstundes kvar for seg.

Ut frå denne kjennskapen so kjem evna til å taka stoda til ting på ein klår og tydeleg måte, der ein avviser det sjåvinistiske kivet um småting - som berre tener alle slags imperialismar, og som ikkje gagnar vår eigi makt, einskapen vår, sjølvstendet vårt eller fridomen vår.

Ein imperial og ikkje imperialistisk visjon um Europa, det krev vilje til å hevda vår eigi makt og vilje til å fyrestella seg den europeiske utviklingi både i aust og i sør - utan at ein dimed slepper ned sjølve meiningi i det å vera europear. Det startar frå eit røyntleg medvit um opphavet og røtene i Myten. Dette konseptet definerar grensone for europeiske identitetar og affinitetar, det kjenner att konturane av empati og av antipati.

Dette er ting som ikkje kann verta fastsette på slump av den individuelle smaken åt det atomiserte egoet. Det må fastsetjast ut frå kva det faktisk er og kva det faktisk skal vera.

Um ein startar her, so kann ein definera og utvikla løysingar for å koma seg ut or krise i vår eigi samtid. Dette er ikkje staden for handfaste og detaljerte framlegg - som me hev kasta fram mange gonger fyrr. Endå um me aldri gjeng leide av å oppdatera desse, so vil me i denne umgangen helder retta ljoskastarane inn mot det heilt grunnleggjande.

Å tenkja frå ein imperial ståstad heiter å vera fokusert på den indre akslingi som stødt må vera til stades inne i oss. Å tenkja imperialt heiter soleides å verta driven av ein heroisk transcendens der dei individuelle identitetane våre kann samla seg - og det utan at dei samstundes vert smelta ihop og vert burte, som Meister Eckhart vilde ha sagt det. Slik vert me forma, ovanfrå og ned, på ein måte som gjer oss til mennar og ikkje til forbrukande individ.

Um dette er premissen, og eg ser ærlegt tala ingen andre premissar som ikkje berre vert verande fanga i kauset, so veit me ogso at eit imperialt perspektiv inneber autonomi, fridom og corpus.

Kvalitetar indikerar eit qualis, eit “kva”, substansen. Alle identitetar - sosiale, kulturelle, antropologiske, klaniske, tribale, regionale, nasjonale - kjem til uttrykk i kvalitetar eller serrettar. Ein imperial logikk,

som i sin natur er motsett av det nivellerande, garanterar for vernet um alle individuelle kvalitetar. Ikkje berre garanterar han for dei, men han hjelper dei fram. So på dette nivået vert både nasjonalisme og regionalisme compatible med einannan - attåt det at dei bår fær eit sterkt vern.

Dei kjem ikkje til å yverliva i den formi dei er mest utbreidde på i dag, der dei kjempar mot kvarandre i forsvaret av økonomiske privilegium - eller som freistnader på å flykta attende i saga, motiverte av redsla for å kverva burt. Tvert imot so kjem dei til å finna seg sjølve att, re-genererte, i den vinnande mentaliteten at dei som er sjolvtrygge, trygge på deira eigen Lari og det som dei kjem til å verta i ei framtid som dei på harmonisk vis fær skapa saman med andre - og alt det medan dei vert verande seg sjølve.

Den imperiale visjonen er på den andre sida den einaste som kann garantera nasjonal einskap i ei tid der nasjonalstaten er død. For denne visjonen gjer den nasjonale einskapen til noko som held seg flytande, noko som kann vera rotfesta i staden for institusjonalisert. Det treng ikkje å verta halde saman med lim eller lappa saman som ein Golem med "codes of citizenship". I den post-jakobinske æraen so kann jamvel regionar - og då talar me um dei som hev ei fortid og som hev særskilde kvalitetar, ikkje reint administrative distrikt - få liva trygt innanfor nasjonen sine rårnor, utan at dei kjenner seg tynte og utan at dei treng å forneakta sin eigen identitet.

Det kartet yver det "völkische" Europa som vart teikna i det siste hundradåret, med ein visjon tufta på grunndrag og medvitum om desse, og det i staden for reglar og reguleringar, det kjem endelegt til sin rett. Det vert compatible med forsvaret av nasjonaliteten og med byrgskapen yver å høyra til ein stad. I eit imperialt medvit, so kann kvar og ein av dei verta representerte og finna sin plass på ulike nivå, der dei kørkje stend i motstrid eller sløkkjer einannan ut. Det regionale, nasjonale og imperiale er ulike storleikar som utfyller einannan, jamvel innfor kvar og ein av oss.

"Det kartet yver det "völkische" Europa som vart teikna i det siste hundradåret, med ein visjon tufta på grunndrag og medvitum om desse, og det i staden for reglar og reguleringar, det kjem endelegt til sin rett."

"Det kartet yver det "völkische" Europa som vart teikna i det siste hundradåret, med ein visjon tufta på grunndrag og medvitum om desse, og det i staden for reglar og reguleringar, det kjem endelegt til sin rett."

Ei indre aksling held alle stengene i fasces saman. På dette medvits- og disiplin-nivået so trengst det ikkje lenger ei umfemnande spreiding av reglar, reguleringar og forbod som



«Det kartet yver det "völkische" Europa som vart teikna i det siste hundradåret, med ein visjon tufta på grunndrag og medvitum om desse, og det i staden for reglar og reguleringar, det kjem endelegt til sin rett.»

stødt repeterar seg sjølve i ein fåfengd freistnad på å halda saman dei atomiserte partane av ein sivilisasjon i indre krise.

Logikken som held einskildpartane saman er den same som samlar cives i Imperiet: "maksimum fridom, maksimum andsvar". Som alltid sikrar autonomi.

Autonomi heiter, bilætlegt tala, å gjeva seg sjolv si eigi lov. Noko som hadde vore skadelegt og øydeleggjande, i fråværet av ein sterk sement og eit presist medvit. Eit medvit um prinsippi og verdiane, um etikken, um verdiane og dei spiritueller hierarkia som på ein høveleg måte kann gje oss lover og reglar.

Nett no er det paradoksalt nok slik at utan autonomi, so er moralsk anarki og urettvise på alle nivå ikkje lenger til å koma i frå.

I ein æra av konformisme, når reglane ikkje lenger kjem frå Ius, og dei ikkje lenger er primært til for å oppfylla lovi, men er vortne umdana til regulerande handlingar som er meinte å strauform, då er det klårt at dei ofte trugar identitetar, fridomar, økonomiar og serhåttar. Soleides legg dei råmevirket for ein samlivnad som berre kann vera millombils, kunstig, nevrotisk og redselsfull.

Det er berre tvo måtar å svara på dette på: Ein kann sakte, men sikkert, gå til grunne -

eller ein kann organisera seg sjolv, lokalt, som ein klasse, som ein sosial kategori.

Den imperiale ideen - ikkje berre konseptuelt, men historisk med - hev studd og hjelpt fram dei ulike autonomiane med alle deira individuelle karakteristikkar. Autonomiar som imperialismen - ei valdtekt mot namnet i seg sjolv - snarare ser på som uniforme cellor, repliserte til ein heilskap. Den imperiale ideen derimot, han dikterer retningslinor som gjev lokale organisasjonar og samvirke høve til å veksa fram på ein organisk og harmonisk måte, ikkje atomisert og til ingen nytte slik det er med globaliseringi. På dette omkvervet med so hev me ei rad med detaljerte framlegg som me hev lagt fram ved andre høve.

Til slutt so hev me Corpus. Det organiske samfundet, som den imperiale ideen knyter seg tett opp til, er ikkje laga or individ og massar, av masse-individ. Det er ikkje sett saman av formlose, oppstyla sosiale klassar som einast hentar styrken sin frå kjøtvekti og frå rå maktbruk mana fram or negative kjenslor. Det er bygt opp av evna og viljen til å skapa eit Corpus, den "samfundskroppen" som ordi corporation og corporatism spring ut frå - og der meiningi er den stikk motsette av det ho i

daglegtala vert oppfatta som, sidan det er slik motstandarane hev innprenta henne.

Einskildmennesket si rolla er ikkje å vera ein sjølvskapt hypotese - slik gender-teorien og dei sekulære borgarrettslovene gjer det til - men ein sereigen personlegdom, nært knytt til opphavet sitt og til den rolla som han spelar i samfundet; og då ikkje i reint funksjonell forstand, men som lekk i ein kosmisk harmoni. Dette er alternativet til alle former for materialistisk kommersialisme, anten ein talar um det som finst eller det som er mogleg.

"Det imperiale idealet kjem til sin rett med di ein samlar Imperium, Auctoritas, Kvalitet og Autonomi. Slik fær ein kapasitet til å forma ein samfundskropp..."

"Det imperiale idealet kjem til sin rett med di ein samlar Imperium, Auctoritas, Kvalitet og Autonomi. Slik fær ein kapasitet til å forma ein samfundskropp..."

Det imperiale idealet kjem til sin rett med di ein samlar Imperium, Auctoritas, Kvalitet og Autonomi. Slik fær ein kapasitet til å forma ein samfundskropp, i den bilætlege forståingi av Societas - ei gruppa allierte - og deltakarar i eit organisk lagnadshopehav. Frå topp til botnar, frå makt til økonomi, frå det territoriale til det nasjonale, til kjernelandet, so kann det imperiale idealet syna fram, tilby og stå reidugd til å tvinga fram eit oppnådd og absolutt alternativ.

Å utforma eit politisk og lov-skapande program som er tufta på desse premissane er ikkje nok, for me liver i ei tid av sosial oppløysing, av post-demokrati og av samrøret millom makter og ymse slags former av anarki.

Me liver ikkje lenger i den tidi då ein kunde vinna statsmakti og deretter nytta seg av denne til å endra samfundet. I dag er me i æraen av samanblanda og diffus makt, av atomiserte umkverve, av sosial individualisme som strekkjer seg ut til geografiske partikularitetar, av økonomiske og lobby-liknande egoismar som vert konfronterte med "sterke makter", og desse gjeng forbi dei maktenesom finst reint formelt. Attåt dette, for dei som ikkje spelar nokor rolla i samfundet, og det er det store fleirtalet av folket, so er den einaste utvegen som er att ymse slags velferds- og forbrukarorganisasjonar.

Skal me handla i denne røyndomen, so kann me ikkje venta på nokon slags parlamentarisk framstøyt. Me lyt tvert imot handla i kvardagslivet, utan å nøla. Det må handlast yveralt og på alle nivå, ordna og organisert, med fyremålet å skapa ei autonom makt, ei makt som alltid hev eit maktsentrum og dimed er i stand til å stå imot dei einsrettande,



«Det imperiale idealet kjem til sin rett med di ein samlar Imperium, Auctoritas, Kvalitet og Autonomi. Slik fær ein kapasitet til å forma ein samfundskropp...»

fridomsnedbrytande maktenes. Dette kann berre gjerast med di ein fyresteller seg og handlar som imperiale einingar. Me fylgjer fura i åkeren, og me forsvarar henne med sverdet.

Dette fører oss til den andre floken i vår tid: vårt indre sjølv.

Æraen av global einsretting, han øydelegg, fornektar og tyner fridomen. Det gjer han i namnet åt fridomen, i namnet åt "fridomane". Seksull fridom og kynsfridom, som dreg med seg genetisk fridom, han legg upp til å standardisera og velsigna alle slags avvik som - kor som er - endar med å verta kodifiserte i staden for å få vera frie. Dette endå um dei deklarererte intensjonane skulde segja noko anna.

Når ein jamvel nektar folk å ha ein genetisk identitet - og opnar feltet til endelausa kombinasjonar, so freistar bakmennene å kutta av alle band til det som stikk litt djupare. Det gjeld både einskildindividet og heile hopehavet. Sønene åt den liberale progressivismen, som starta det heile med slagordet um at "det er forbode å forby", dei endar med å forby alt det som stødt hev vore (frå eros til røykjing, frå alkohol-drikking til svinekjøting). I staden for tradisjonar so tvingar dei på folk eit slags mutasjonsprosjekt.

Frå eit fundamentalt synsleite so er dette Utopia sitt upprør mot Myten. Frå eit symbolsk referanse-synsleite, so er det formlaus tellurisme som vil ha hemn yver den olympiske viriliteten. Eit rettelegt "clash of civilizations" - det einaste røynelege - som me treng å vera medvitne um.

Imperiet er aksen frå Myte til Olympisk Virilitet.

"Myten" - minnar Ernst Jünger oss um i

"Waldgänger" ("Treaty of the rebel") - "er ikkje attendelagd saga. Det er ein tidlaus realitet som repeterar seg sjølv gjenom saga". Soleides lyt me starta derifrå for å endra den historiske gangen.

Kor som er, so lyt me vera medvitne um at me liver under eit diktatur. Det kann ikkje vera annleis, so lenge dei som leider dansen strævar utopisk etter å forneakta dei kosmiske lovene.

"Fleirtalet", held Jünger fram, "kann på ei og same tid handla innanfor lovi sine råmor og samstundes skapa lovløysa. (...) Misbruket kann verta meir og meir grovt, og verta til telege brotsverk mot sume gruppør."

På den andre sida, denne påståtte normaliteten som i dag er kalla for det polisk korrekte, han kann ikkje halda seg uppe so lenge han ikkje held fram med å identifisera "minoritetar, nonkonforme, som han kann forfylgja. Det segjer seg sjølv at kvar og ein som utmerker seg med nedervde kvalitetar, ikkje er friteken for denne risikoen".

Han som kjempar for normar, for rettferd og for sanning, han kann difor ikkje vera umedviten um den urettvise og ujamne kampen med dei som ikkje berre dikterar spelereglane, men som fuskar heile tidi.

Øg på dette spelebrettet kann ein berre tapa. Ein kann gjera snøgge, flyktige og effektive raid, men ein kann ikkje halda stand nokon stad. Um ein gjer det, so må ein vita at ein kjem til å tapa innsatsen sin. Som i Kipling sin "If" so skal han verta nøydd til å "starta um att frå byrjingi av - og aldri segja eit ord um tapet".

Den fyrste fridomen og den fyrste autonomien, det fyrste maktmiddelet, det ligg i det å ikkje spela med på spelet. Syt for at du korkje moralsk, økonomisk eller psykologisk hev bruk for det som Leviathan hev sett fram på bordet, og lat deg ikkje riva med av dei red-

slone som han hev indusert. Dette er den eine premissen som ikkje er til å koma i frå dersom ein skal kunna frigjera seg og leggja grunnlaget for noko nytt.

Den einaste sjansen som den imperiale rebellen hev til å klara seg, han skriv seg frå evna til å verta verande upåverka av all slags smekjing og alle slags trugsmål. Den imperiale rebellen fær ikkje stikka av når han hamnar i ein konfrontasjon - og han må ikkje lata seg freista til å nytta seg av språkbruken eller gestane åt dei som ikkje er som honom sjølv. Han må, augustinisk, vita korleis ein kann verka i denne verdi utan å vera av denne verdi.

Som Jünger gjer framlegg um, so må han "gå inn i skogen" eller, meir presist, og endå lengre, verta i stand til å sjølv vera skogen i midten av byen.

Kor som er, du kann ikkje gå inn i skogen, og endå mindre vera skogen sjølv, dersom du ikkje hev funne fram att din eigen indre byrgskap, um du ikkje hev funne attende dei røtene som gjer det moglegt for stammen å stå rett opp.

Imperium - som er den indre aksen framfor alt anna - er nett det som gjev dette høve til å henda.

Det er grunnen til at det imperiale svaret, som kjem til å vera folkelegt og ålment, skal verta fødd som eit elitistisk svar. Kor som er, det kjem frå ein open og gjevsmild elite. Endå ein gong Jünger: "Det kjem til å vera elitar som kjempar for ein ny fridom - kampen som krev store offer og som må tolkast på ein slik måte at han ikkje er noko mindre viktug enn det han faktisk er".

"Kor som er, du kann ikkje gå inn i skogen, og endå mindre vera skogen sjølv, dersom du ikkje hev funne fram att din eigen indre byrgskap... Imperium - som er den indre



«Kor som er, du kann ikkje gå inn i skogen, og endå mindre vera skogen sjølv, dersom du ikkje hev funne fram att din eigen indre byrgskap... Imperium – som er den indre aksen framfor alt anna – er nett det som gjev dette høve til å henda.»

aksen framfor alt anna - er nett det som gjev dette høve til å henda."

"Kor som er, du kann ikkje gå inn i skogen, og endå mindre vera skogen sjølv, dersom du ikkje hev funne fram att din eigen indre byrgskap... Imperium - som er den indre aksen framfor alt anna - er nett det som gjev dette høve til å henda."

Dei nye elitane må serskilt vera medvitne um det at "det er ikkje råd å venda attende til Myten; Myten møter me att når sjølve fundamentet for tidi lettast frå bakken, under trugsmålet um ein ekstrem fære".

Ernst Jünger kallar oss dessutan til å stødt vera aktive og til stades. "Valspråket åt rebellen er "Hic et nunc" - å vera ein rebell er å vera ein mann som kann handla fritt og

sjølvstendig".

Hic et nunc, her og no. Desse tvo ordi tyder Imperium og garanti. Um me liver upp til dei so er me frie. Jamvel um det å vera fri ikkje lenger er nokon rett, men ei vanskeleg oppgåva. Ei oppgåva som vert mindre og mindre akseptert millom folk, men som er ei plikt me lyt taka på skuldrane våre - um det so berre skulde vera av truskap til forfedrane og til etterkomarane våre, desse som me treng å gjeva både fridom og eit verdig liv attende til.

Imperium, Hic et Nunc: For å sikra fram-tidi åt folket vårt, nasjonane våre, regionane våre og vårt Europa. For å kunna verta frie, slik som mennene i skogen og dei villfarne kniktane.

Kva er det med fjelli?

Av Megan Leo

Kva er det som gjer fjelli so storslegne og mektige? Er det den fysiske styrken og karakterstyrken som må til for å kunna kliva til topps? Er det den rolla som fjelli hev i mytar, segner og heilage historier i Europa? Som til dømes det at dei greske gudane og andre kosmiske personlegdomar held til fjelli?

"An jeder Bergspitze sammeln sich die Ätherkräfte, und die Wahrscheinlichkeit, daß hier kosmische Energien einstrahlen, ist größer als sonstwo." (På kvar ein fjelltopp samlar dei eteriske kreftene seg, og sannsynet for ei kosmisk energiutstråling er mykje større her enn nokon annan stad).

Fjelli er av stein, dei er knytte til hjarta av jordi. Den varme jordkjernen held "føtene" deira varme heile tidi. Dei er i den evige, indre



elden.

Fjelli er av jordi, av elden og av lufti - og i ein nær harmoni med vatnet (tenk på dei norske fossane um våren).

Soleides kjenner folk dragnaden mot fjelli, men naturkreftene dei målber må ein ha

age for. Kor mange hev ikkje dotte utfor stup, vorte tekne i snøskreid eller ramla hovudstups og brote armar eller bein? Sumtid møter me fjelli frå deira beste sidor, andre gonger ikkje...

Alain Soral: Å forstå imperiet

Av Olav Torheim

Ein av dei mest spanande tenkjarane på den "alternative" høgresida i Frankrike er Alain Soral. Soral er kommunisten som vart med i *Front National* og som sidan hev grunnlagt tenkjetanken *Egalité et Réconciliation* - der han samlar folk frå både "ytste høgre" og "ytste vinstre" til sams kamp mot globaliseringi. Med verket "*Comprendre l'empire*" (forstå imperiet) so freistar han gjera seg ein analyse av kva slags krefter det er globaliseringsmotstandarane stend andsynes.

Med "*Comprendre l'empire*" so byrjar Alain Soral med å gjera seg ein slags syntese av både marxistisk og tradisjonellistisk tankegang. Uppstoda åt den indoeuropeiske trifunksjonaliteten, godt dokumentert av Georges Dumezil, fører han attende til den fyrste klassesdelingi som Marx og Engels hev teke fyre seg. Denne klassesdelingi oppstår på det tidspunktet at produksjonen hev nådd det nivået at samfundet er i stand til å produsera eit yverskot. Dette fører fram til det tradisjonelle standssamfundet som er kløyvt upp i tri ulike "kastar":

1. Det aukande materielle yverskotet hev ført til at samfundet kann samla seg store materielle skattar, og desse skattane må vernast mot plyndring både frå ytre og indre fiendar. Dimed oppstår krigarkasten, og den europeiske adelen er framhaldet av denne. Gjennom kamp og strid for å yverliva som stamme, folk og til slutt nasjon so veks aristokratiet fram. Fram til verneplikti kom med Napoleon so var desse dei einaste som hadde rett og plikt til å bera våpen for å verna folket.

2. Medan det store fleirtalet er hefta med daglegt arbeid, so treng det nokon som hev tid til å studera og fordjupa seg - nå fram til kunnskap som kann nyttast til å styra og strukturera heile samfundet på eit høgare nivå. Nett som snikkaren treng ein arkitekt, so treng produsentane nokon som gjev dei trygge råmevilkår. Denne kunnskaps- og kulturberande funksjonen er det kyrkja som skal få i Europa.

3. Det store fleirtalet av folket høyrer til i den tredje standen, tradisjonelt sett i hop av bønder, handverkarar, handelsfolk og andre som liver av sitt eige arbeid.

Den sosiale samansetnaden åt tridjestanden endrar seg med tidi. Den industrielle revolusjonen fører til at tridjestanden vert kløyvd upp i både borgarskap, småborgarskap og arbeidarklasse.

Det adelege hierarkiet som i si tid vart



Alain Soral

skapt gjennom kamp og strid og som ein laut gjera seg fortent til, det er med tidi vorte til noko som gjeng i arv heilt av seg sjølv. Adelen krev inn større og større skattar til å finansiera sine egne avskjerma liv i Versailles. Medan borgarskapen samlar seg større og større verdier, so fær den gamle adelen meir og meir karakter av rein snylting. Dette er ikkje noko som ber seg i lengdi. Når "folket" i tridjestanden gjer revolusjon i 1789, so er det i røyndi borgarskapen som kjem til makti.

Trifunksjonaliteten som gjeng tapt

"Aux armes citoyens" (til våpen, borgarar), heiter det i den franske marseillasen. Folket skal frå den franske revolusjonen av vera sine egne krigarar (verneplikt). Med reformasjonen kjem dessutan tanken um at kvart menneske skal vera sin eigen prest (Luther). Ein skal ha upplyste borgarar som sjølve kann styra landet og sjølve kann forsvara landet sitt. Heile den trifunksjonaliteten som er so grunnleggjande i heile den indoeuropeiske fyrestellingsverdi vert dimed plukka burt. Maktdeleingsprinsippet der ein skil millom lovgjevande, dømande og utøvande makt hev vore ein freistnad på å halda uppe ei slags trikløyving av makti i samfundet, men det hev vore vandslegt å få dette til å fungera i praksis.

Det er verd å merka seg at i andre land som til dømes Danmark-Noreg so førde denne utviklingi i fyrste umgang til at kon-

gen fekk einveldige fullmakter. Eineveldet representerar den sentralstyrde staten, og soleides er det paradoksalt nok fyrste steget på vegen mot det liberale demokratiet - der det ikkje finst noko slags millomnivå millom einskildborgaren og statsapparatet.

Margaret Thatcher vart på 80-talet kjend for sitatet "there is no such thing as society". Det finst ikkje noko slags sosialt corpus i det liberale demokratiet. Medan ein i det gamle samfundet hadde korporative strukturar som laug og gilde, so vart både fagorganisering og streikeverksemd forbode i den franske republikken i 1791, tvo år etter revolusjonen ("Le Loi Chapelier"). Det er ikkje so rart: Ut frå liberalistisk tankegang so er ikkje samfundet noko anna enn summen av einskildmenneski, og i teorien skal du og eg ha like mykje å segja i politikken som Olav Thon eller Jens Stoltenberg. Slik er det visseleg ikkje i praksis.

Frå demokrati til teknokrati

Kva fører desse strukturendringane til i lengdi? Når alle dei gamle og hevdvunne strukturane og hierarkii er plukka burt - til bate for eit "ope" og "jamstelt" samfund der alle borgarar stend på like fot, so er det i staden fritt fram for alle dei uformelle nettverki og maktstrukturane. I staden for å ha samanhengar ikring seg der den ein-skilde kann gå inn og vera ein "politisk" aktør i kvardagen, so vert borgarane bedne

um å gå og røysta på eit parti ein gong kvart fjorde år. Dette kallar ein for “representativt demokrati”.

Dei folkevalde politikarane vert sagde å “representera” dei som anonymt hev røysta på dei på valdagen, men alle andre dagar i året so representerar dei folkevalde dei personane og dei nettverki som gjev dei valkampfinansiering, som gjev deim tilgang til media og som gjev deim høve til å verta renominerte og attvalde. Medan “folk flest” - ein stor majoritet - er attende i den upolitiske kvardagen sin so snart dei hev putta røystesetelen i urna, so finst det organiserte pressgrupper, tenkjetankar, PR-byra og multinasjonale selskap - ein organisert minoritet - som arbeider med politikk kvar einaste dag. Demokrati heiter i teorien at det er fleirtalet som skal styra, men i praksis heiter representativt demokrati at det alltid er organiserte minoritetar som fær setja dagsetelen.

Dei som sit med makti fær massive yverføringar frå statsmakti slik at dei kann verta sitjande med makti. I vårt eige Noreg yverfører staten kvart år nesten 500 millionar til dei politiske partii. Presses-tudnaden er på 2 milliardar. Ordskiftet kring kommunereformi syner tydeleg kva det er samfunnsborgarane er vortne reduserte til: Passive mottakarar av offentlege og privatiserte “tenestor”.

I gamle dagar spegla partii av sosiale realitetar. AP hadde arbeidarklassen og fagrørsla å stø seg på - og Senterpartiet, det var Bondepartiet. I dag er partii finansierte på statsmidlar og skilnadene handlar mest um marknadsføring. Veljaren er ein forbrukar som gjev “Likes” til det han der og då vert emosjonalt oppglødd yver.

Utan noko organisert nettverk å stø seg på, so er det uråd å stabla nye politiske initiativ på føtene. Ikkje ein gong røynelege politiske sigrar som til dømes folket sitt nei til EU i 1994 gav noko momentum til å styra samfundet i ei onnor stemmeleid. Snarare tvert imot: Det nemnde nei-“fleirtalet” eksisterte berre på den eine dagen då røystene vart talde upp. Alle andre dagar hev pengesterke interessegrupper arbeidd trottugt vidare med å føra Noreg nærare EU. Det er det same som me ser i våre dagar med folkerøystingane som segjer nei til kommunesamanslåing. Jamvel um det finst eit fleirtal i lokalfolkesetnaden som ikkje ynskjer at kommunen deira skal verta nedlagd, so er det ingen som i det daglege arbeider for fleirtalet sine interessor.

Resultatet er ikkje lenger “demokrati” slik “folk flest” ser det fyre seg. Det er snarare eit teknokrati. Organiserte,



“Demokrati heiter i teorien at det er fleirtalet som skal styra, men i praksis heiter representativt demokrati at det alltid er organiserte minoritetar som fær setja dagsetelen.”

pengesterke serinteressor er dei som fær setja dagsetelen, men det finst ingen organiserte krefter som fremjar interessone åt det store fleirtalet.

Utan den tradisjonelle, trifunksjonelle samfunnsorganiseringi, so er samfundsutviklingi vorte til noko som skjer spontant ut frå interessone åt produsentstanden - og ikkje minst interessone åt den promillen av produsentstanden som ikkje kann segjast å vera produktiv, men som gjer store pengar på rein spekulasjon.

Dei same teknokratiske tendensane ser me i vårt eige Noreg. Jamfør kommunereformi i dag. Ein vil ha storkommunar med færre politikarar per innbyggjar og “sterkare fagmiljø”. Korleis skal dette føra til meir politisk kontroll?

Framvoksteren som ein ser av høgrepopulistiske parti ute i Europa - eller den store sympatien for Trump i USA - er eit symptom på nett den maktesløysa som det store fleirtalet kjenner. Dei kjem til kort i møte med eit system som i utgangspunktet skulde representera deim. I staden er dei fanga i eit system som hevdar interessone åt alle andre enn det store fleirtalet.

Um ikkje dette er nok, so hev me i Vest-Europa ei “vinstresida” som hjelper fram den oppkløyvingi og tribaliseringi som langsamt pressar seg fram når storsamfundet ikkje lenger hev noko anna å tilby folk enn reint materielle gode. Kamp for arbeidarklassen sine interessor vert bytt ut med identitetspolitikk - der det å vera “normal” heiter at ein ikkje høyrer til nokon stad...

Nasjonaltatane kjem til kort i møtet med finanskapitalen

På same måten som adelen meir og meir vart ein reint snyltande klasse i samfundet, so hev borgarskapen vore igjenom dei same

fasane. Handelsverksemd, gründerverksemd og entreprenørskap hev kome meir og meir i skuggen av reinhekle finansspekulasjon - der nokre fåe personar skaper seg enorme formuer berre på å flytja ikring på pengar. Multinasjonale selskap kann på eigi hand fatta avgjerder som fær langt større konsekvensar for heile verdi enn det avgjerdene åt regjeringane i dei fleste av verdsens land.

Liberalisering av økonomien, satellitkommunikasjon og internett, nedbygging av grensek kontroll og yvernasjonale “samarbeid” hev avpolitisert dei nasjonale statsmaktene. Nasjonalstatane hev mist mykje av den formelle makti si og endå meir av den reelle makti. Dette er det viktugt å vera klår yver - for slik bør ein helder ikkje gjera seg nokon slags illusjonar um at parlamentariske protestparti åleine skal kunna endra på noko.

Fienden må identifiserast

Kva kann vera svaret på alt dette? Skal me kunna endra på noko, so må me fyrst forstå kva det er for slags fiende det er me stend andsynes. Difor titelen, “Comprendre l’empire” (forstå imperiet). Etter Soral sitt syn finst det berre eitt imperium i dag, og det er det angloamerikanske imperiet. Etter Sovjetunionens fall i 1989-1991 hev USA stade att åleine som den einaste supermakti, og dei hev berre teke seg meir og meir til rettes.

I dag stend Syria og Iran att som dei siste motstandsskansane i Midtausten. Alle andre statar er direkte eller indirekte under USA sin kontroll. Det vert tala mykje i media um fåren frå fundamentalistisk islam, men fakta er at det landet som eksporterar den mest ekstreme varianten av islam er ein nær alliert av USA. Palestina-mandatet vart skipa av britane etter fyrste

heimskrigen, og dei sette den hashemittiske kongefamilien til å styra både i Jordan og Irak. Det irakiske kongedømet vart velta av pan-arabiske nasjonalistar i 1958, og sidan hev Saudi-Arabia, studd upp av USA, teke yver rolla som den sentrale støttespelaren for vestmaktene. Det er USA som sikrar sunni-islamistiske Saudi-Arabia militært, i byte mot at oljeprisen skal fastsetjast i petrodollars.

Alle andre statar som hev motsett seg hegemoniet åt det angloamerikanske imperiet hev etter tur vorte plukka ned. Irak vart invadert då dei vilde fastsetja oljeprisen i euro. Det same hende med Libya etter at Gadaffi freista etablera gullinaren som eit motstykkje til petrodollaren.

Me skal samstundes ikkje gløyma at det framigjenom ikkje berre hev funnest eitt USA, men fleire: Dei skandinaviske eventyrarane som bygde og busette seg i Midtvesten var av eit anna slag enn dei som sat på Austkysten og lånte ut pengar. Bilbyggjaren Henry Ford - med sin anglosaksiske arbeidsmoral og entreprenørskap - var då sjølve motstykkjet til den spekulasjonsskapitalismen som Wall Street målber. Han freista jamvel å føra fram ein klår og tydeleg kritikk av desse, men vart nøydd til å krypa til krossen - og i dag er det dei sistnemnde som rår grunnen åleine...

Jamvel i USA finst det motkrefter som ein kann alliera seg med.

I ein fransk kontekst so er det elles verdt å merka seg at Charles de Gaulle var ein av dei fåe vestlege statsleidarane som freista byda det angloamerikanske imperiet motstand. Han tok Frankrike ut or NATO, han drog Frankrike ut or våpensamarbeidet med Israel, han nekta Storbritannia å få verta med i EEC og han tok til ords for ei fransk regionreform som kunde ha gjort ende på den einsrettande jakobinske statsnasjonalismen i landet. Gaullismen bygde vidare på den motstandsfronten som under krigen hadde etablert seg millom både høgresa og den kommunistiske vinstresa. Det "antiautoritære" opprøret i mai 1968 sette ein stoggar for heile det gaullistiske prosjektet, og dagsens Frankrike er reintegrert i NATO...

Framvoksteren åt den sterke kinesiske økonomien og den russiske returen til verdspolitikken ser Soral soleides på som noko positivt. Ikkje av di han hev nokor tiltru til systemet åt desse statane, men av di det endrar det storpolitiske spelet når supermakt USA faktisk vert møtt med motmakt. Det er ikkje lenger fritt fram for å invadere og knusa alle stabile statar og regime som oppponerar mot det vestlege hegemoniet.



“Storborgarskapen hev i våre dagar gjenge frå gründerverksemd og entreprenørskap til rein pengespekulasjon og verdipapir-manipulasjon.”


Arbeids-vinstre og verdi-høgre

Kva for slags alliansar kann ein byggja i møtet med dette imperiet? Soral sitt svar på dette er “la gauche du travail et la droite des valeurs”, arbeids-vinstre og verdi-høgre. På same måten som adelen i tidi kring den franske revolusjonen hadde vorte ein rein snyltarklasse, ribba for dei heroiske verdiane som dei ein gong skulde stå for, so er storborgarskapen i våre dagar gjenge frå gründerverksemd og entreprenørskap til rein pengespekulasjon og verdipapir-manipulasjon.

Svaret på dette må vera å sameina dei kreftene som framleis er produktive og verdiskapande - som er på rett sida i møtet millom arbeid og storkapital - og samstun-

des slå ring um dei tradisjonelle verdiane som sikrar dei strukturane som storkapitalen vil knusa for å få størst mogleg sosial mobilitet - familien og nasjonen.

Eit leveført aristokrati må veksa fram gjennom kamp, og nye alliansar og samarbeidspartnarar må veksa fram i sams kamp mot globaliseringi. Mykje av dette er slikt som må utvikla seg undervegs, og ikkje noko som kann postulerast på fyrehand. Soral gjev oss soleides ikkje noko fasitsvar på korleis dette skal skje, men avsluttar boki med det opne spursmålet: Gjev morgondagen oss globalisering ein gong for alle eller kjem nasjonane til å gjera uppreist?



“Det hev teke tid å koma seg igjenom alle lidenskapane, samanståytane, massakrane, alt dette hatet som vart ausa utyver våre eigne. Det hev teke tid å arbeida seg upp eit utsyn av det utvida og frededelege slaget - der ein gjeng frå ein kjempande nasjonalisme til eit kaldt, rolegt og klårsynt medvit um identitet. Ja, det hev visselegt teke tid å koma fram til denne nye fyrestellingi: At det å halda uppe identiteten åt "mitt folk" samstundes er eit forsvar for tilværeretten åt alle folk. At det å sikra grunnleggjande rettar for alle kulturar samstundes sikrar dei same rettane for min eigin.”

-Dominique Venner, 16. april 1935 - 21. mai 2013.

Kampen om fjordane – ein demokratisk realitetssjekk

Av Olav Torheim

I filmen «Kampen om fjordane» følgjer me den unge harding-gjenta Synnøve Kvamme i kampen mot monstermastene i Hardanger. Ein kamp som med tidi gjeng heile vegen frå ungdomleg optimisme til beisk realitetssorientering. Ingenting av det som aksjonistane gjorde var til sjuande og sist nok til å stogga utbyggjingi.

Filmen er regissert av Vigdis Nielsen, som hev fylgt aksjonistane heile vegen frå kampen tok til i 2010 og til dess at mastene vart bygde i 2012. Berre det at filmen som ein av dei få kinofilmene er teksta på nynorsk er grunn god nok for Målmannen til å melda filmen. Men denne filmen tek fyre seg so mykje meir enn berre kampen for å berga naturen. Her vert det reist grunnleggjande spørsmål ved heile det liberale demokratiet som me liver i. Ein systemkritisk film med nynorsk teksting? Me hadde svikta samfundsoppdraget vårt um me hadde late denne filmen få passera i det stille...

Normalt tenkjer ein seg at demokrati heiter at fleirtalet skal styra, men i realiteten er det umvendt. I det moderne samfundet hev alle serinteressor eit parti, ein organisasjon, ein lobby som representerar dei i det daglege. Men kven er det som arbeider for interessone åt heile samfundet, interessone åt den abstrakte storleiken som heiter «folk flest» - for ikkje å snakka um framtidige generasjonar av desse? Når pengeverdiane åt serinteressor kjem i konflikt med dei umissande verdiane som høyrer til oss alle – og som ikkje kann maelast i pengar – kva for verdiar skal då vega tyngst, og kven skal gjera desse vurderingane?

I byrjingi av filmen fortel Synnøve Kvamme um si eigi politiske oppvakning. Då ho var yngre so trudde ho at politikk handla um å gjera si røyst høyrd, fortel ho. Maktar ein å argumentera klårt og tydelegt nok for seg, so kjem politikarane til å høyra på henne. Hennar eige engasjement vart vekt av noko som endeframt som kjærleik til sin eigen heimstad, til sine eigne særtrar og sine eigne fjell.

Tallause diskusjonar og aksjonar seinare so er det den same Synnøve Kvamme som finn byggjematerialet åt mastene lasta upp på kaien – merkte med tingingsordren som syner at materiellet vart tinga alt fem månader fyre politikarane gjorde det endelege vedtaket um å byggja monstermastene. Filmregissør Vigdis



Sju politifolk i sving for få bunadsklede Synnøve Kvamme ned frå containeren.

Nielsen hev sjølv fortalt at ho lenge trudde at dei verkelegt skulde klara å stogga monstermastene, og at det var ein demokratisk illusjon som vart knust når det vart tydelegt at her vart det monstermaster same kor sterk den folkelege motstanden skulde verta.

Til barrikadane i bunad

Heile det politiske miljøet i Hardanger, frå yste vinstre (SV) til yste høgre (FrP), sagde nei til monstermastene – og fylkeslag i Hordaland stutte deim i dette. Det vart mobilisert både med demonstrasjonar i byane og med utspel til rikspolitkarane. Ei stund trudde aktivistane at dei faktisk skulde lukkast. Jens Stoltenberg vilde ha «dialog» med aktivistane. Det heiter, «dialogen» skulde først samstundes med at fyrste byggjesteg med mastene alt tok til. Etterpå kunde ein segja at ein hadde havt ein «dialog» og ein «prosess» der folket hadde vorte «høyr» - og dimed kunde politikarane med godt samvit gjeva klårsignal til det neste og siste byggjesteget.

Stemmingsskiftet vert godt illustrert med ei gripande naturscena: Nokre hjortar vert jaga upp og spring rådville ikring. Kvar hen skal dei gjera av seg? Samstundes flyg helikopteri inn på fjellet med lasti si.

Størst var sviket åt Hordaland Arbeidarparti – som snudde frå nei til ja til monstermaster, og det berre for å gjeva si eigi regjering ryggdekning til å yverkøyra folket i Hardanger. Arbeidarpartiet måtte visa at dei hadde kontrollen på Vestlandet. Men ikkje ein gong Senterpartiet stelte upp

når det kom til stykkjet, og ein bonde melder seg ut i protest etter 40 års medlemskap.

Prosessene gjeng sin gang. Statnett kallar grunneigarane inn til møte og informerar dei um at byggjearbeidi kjem til å taka til. Dei bed dei um å skriva under på at dei hev løyve til å gå inn på eigedomane deira og arbeida. Skriv dei ikkje under, so er Namsmannen neste instans...

Anleggsarbeidarar vert leigde inn frå Kroatia for å setja upp mastene, og sivil ulydnad vert den siste utvegen åt monstermast-motstandarane. Her hev filmen fenge med seg mange scenor som hev gjenge yver i den norske naturvernssoga, som til dømes når eit titals politifolk er i sving med å bera unge gjentor i hardangerbunad ned frå nokre containrar der det utstyret som skal flygast upp på fjellet ligg lagra. Sjølv fær Synnøve Kvamme 10.000 kroner i bot.

Aktivistar fær bøter. Statnett fær «undantak»

Etter måten mange grunneigarar møter fram for å passa på det som skjer under utbyggjingi. Politiet svarar med å gjeva deim ferdelsforbod i ein radius på 150 meter frå linespenet. Dette fører til at folk ikkje er i stand til å nytta seg av fylkesvegen, og systrene Folkedal kann ikkje ein gong gå upp til sitt eige hus. Kraftlinone kjem for nært og dei vert stogga av Politiet og bøtelagde. Sakene endar i Tingretten, der det vert slege fast at Politiet hev gjenge langt utyver fullmaktene sine.

Det rettslege etterspelet som saki fær

for aktivistane stend i sterk kontrast til det at Statnett slepp undan med so godt som alt det dei hev gjort. Med utbyggingi gjer dei seg skuldige i det eine lovbrotet etter det andre, men det fær ingen konsekvensar for dei. Millom anna skal dei leggja kraftlina yver ei seter som er totalfreda. Grunneigarane hev ikkje lov til å endra på nokon ting, korkje med bygningar eller landskapet ikring – men Statnett fær «undantak» med ein gong dei søker um det.

«Demokratiet» som svikta

Då filmen vart synt på Bergen Kino på onsdag 8. juni, so vart han fylgd av eit panelordskifte i kinosalen. I dette panelet sat millom anna filosof Gunnar Skirbekk, og han var ikkje nådig i domen sin yver den «demokratiske» prosessen som leidde fram til monstermastene.

1. Um eit representativt demokrati skal fungera, so trengst det eit samspel millom ålmenta, media, politikarar og ekspertar:

2. Um veljarane skal gjera opplyste val, so må media gjera jobben sin med å leggja fram argumenti frå bae sidor.

3. Um styresmaktene sine avgjerder skal ha legitimitet, so må dei politiske avgjerdestakarane vera viljuge til å taka folket med på råd og dei må taka avgjerder som er baserte på det som er fakta og forskingsbasert kunnskap.

Med monstermastene i Hardanger svikta det på alle nivå:

Media vilde ikkje opplysa um den røynelege motivasjonen for å byggja mastene – krafteksport til Europa og elektrifisering av kontinentalsokkelen. I staden kolporterte dei ukritisk påstandi frå Statnett og frå styresmaktene um at mastene trongst til å gjeva «forsyningstryggleik» til Bergen. Det vart framstelt som um Bergen kunde verta myrklagt, endå dette var langt frå realiteten.

Politikarane var ikkje viljuge til å høyra på rådi frå fagmiljø som meinte det var fullt moglegt å leggja sjøkabel i staden for luftspenn. I staden synte politikarane til problem som hadde vore med ein 29 år gamal sjøkabel i Oslofjorden.

I tidi etter at monstermastene vart bygde er det vorte lagt sjøkabel yver Norskerenna for å eksportera «øko-straum» til Europa. Det er den same straumen som det skulde vera komplett umoglegt å leggja i sjøkabel i Hardanger. Men ikkje nok med det: No vert det planlagt å leggja endå ein sjøkabel til Europa, og denne sjøkabelen skal gå beint inn i Indre Hardanger. Gjekk det so mykje prestisje i saki at Statnett og rikspolitikarane berre måtte ha luftspenn, koste kva det koste vilde?

I paneldebatten elles so fortalde Høgre-politikar Henning Warlo at då han for eit tjugetals år sidan hadde gjenge inn i politikken, so trudde han i sin naivitet at det var politikarane som styrde. Men han upplivde at det å sitja med den formelle makti var noko heilt anna enn å sitja med den reelle makti. Ein må verkelegt kjempa dersom ein ynskjer å gå imot viljen åt det offentlege byråkratiet eller interessone åt pengesterke private firma. Sidan det ikkje var nokon journalistar til stades på filmvisingi, so kunde han tillata seg å slå dette fast, sa han...

Sentralisering eller lokal grasrotuppreist: Noreg ved eit vegskilje

Fire år hev gjenge sidan monstermastene vart sette upp, men yverkøyringi av norske lokalsamfund hev ikkje teke slutt med det. Den sokalla «kommunereformi» er berre endå eit døme på at politikarar og næringsinteressor set i gang prosessar der resultatet er avgjort på fyrehand. Når folk-erøystingane ute i Kommune-Noreg segjer nei til samanslåing, so vert lokalpolitikarane oppmoda til å «ta andsvar» og gå vidare med samanslåingsprosessane. Og skulde lokalpolitikarane segja nei til samanslåing, so er det fylkesmannen – staten sin representant i fylket – som likevel fær det siste ordet. KrF hev alt sikra fleirtal saman med Høgre og FrP for å nytta tvang

mot kommunar.

Jamvel um det er fyrst no at «Kampen om fjordane» hev kome på kino, so er han alt vorten synt fram til eit tusundtals skuleklassar – med di filmen kom med i «den kulturelle skulesekken». Med all den grunnleggjande samfundskritikken som ligg i denne filmen, so er det mest eit under at han i det heile slapp igjennom «sensuren». Dette er ein film som kann opna augo på nokon kvar.

Både kampen mot monstermastene og kampen mot dei nye monsterkommunane er saker som hev sett det norske samfundet ved eit vegskilje: Vil me vera aktive politiske aktorar i kvardagen og taka attende kontrollen yver våre eigne liv og vår eigen lagnad – eller vil me vera passive forbrukarar av offentlege og private/privatiserte «tenestor»? Kva skal telja mest, nedervde tradisjonar og lokal kultur og natur – eller "effektive" og "robuste" monsterstrukturar som korkje hev folkeleg eller historisk forankring? Kva slags «forsyningssikkerhet» kann det siste i grunnen gje oss i lengdi? Ei uviss framtid krev lokal handlefridom...

Aksjonistane i Hardanger våga å kjempa. No må me våga å vinna. Vegen vidare gjeng via lokalt sjølvstyre, direkte demokrati og i siste instans – direkte aksjon.



Høgnorsk solidaritetstrøye

Stø Målmannen med 500 kr og du fær du fær denne flotte trøya med på kjøpet.

Finst i alle storleikar.

Solidaritetstinging i høgnorskbutikken:

<https://www.maalmannen.no/vare/hognorsk-solidaritetstroye/>

Direkteaksjon, kva er det?

Av Torstein Viddal

Forfattern og økofilosofen Torstein Viddal var med i kampen mot monstermastene i 2012. Etter Viddal sitt syn er monstermastene i Hardanger ei av mange saker der "direkteaksjon" hadde vore ein rettkomen måte å møte styresmaktene sine yvergrep på. I denne vesle teksti gjer Viddal nærare greida for konseptet um direkteaksjon.

"Direkteaksjon" - ofte kalla for NVDA, Non-Violent Direct Action - hev vore lite nytta i Noreg. I England, USA og Tyskland derimot, so hev mange av dei største sigrane åt miljøørsla kome i kjølvatnet av sovorne aksjonar.

Når me til dessar ikkje hev sett so mange aksjonar av dette slaget i Noreg, so skriv det seg millom anna frå det at norske styresmakter hev so mange høyrings- og ankeinstansar som ein kann nytta til å føra saker vidare til. Jamt yver hev miljøvernarar upplivd at demokratiet hev fungert slik som det skulde.

Synnøve Kvamme og dei hine Hardanger-aktivistane demonstrerte og tok i bruk sivil ulydnad, og dei fekk bøter for dette. Statkraft slapp undan med det eine lovbrotet etter det andre, medan dei unge aktivistane fekk det idealistiske engasjementet sitt på rullebladet. Hardanger-aktivistane tok ikkje i bruk sabotasje, endå um kraftselskapi likevel påstod dette for å sverta aksjonen deira.

I kjølvatnet av filmvisingi i Bergen på onsdag 8. juni, so uppstod det eit ordskifte um kva ein kunde ha gjort for å faktisk ha stogga monstermastene gjenom det vene Hardanger-landskapet. Her såg



Utstyr til monstermastene lasta upp på parkeringsplassen på Kvamskogen.

me det eigenrådige Oslo-regimet yverkøyra alle dei politiske partii i Hordaland, inkludert Framstegspartiet, Høgre og Arbeidarpartiet. Me såg at staten braut lovi gong etter gong og tok hand um folket i Hardanger som um Hardanger skulde ha vore eit underbruk av Oslo - og grunneigarane og Hardanger-aktivistane urfolket i ein afrikansk koloni.

Det er klårt at med ein so openlyst antidemokratisk motstandar som hev eit vel so antidemokratisk pressekorps på slep, so hev ein ikkje anna val enn sabo-

tasje dersom målet faktisk er å vinna kampen.

Ein måtte ha sabotert mastene heilt frå dei vart lessa av på kaien i Øystese: Kutta stålet med vinkelslipar, smadra glas- og kjeramikdelane og trilla kabelsneldone på sjøen. Mastefesti måtte ha vorte knuste med sleggja eller med sprengstoff, jarnstenger måtte ha vorte kutta og helst fjerna heilt frå naturi - og hytta som vart lånt ut til dei kroatiske anleggsarbeidarane måtte ha vorte brend ned til grunnen medan kroatane var på arbeid.

Berre slik kunde ein ha vunne kampen um fjordane yver ein so despotisk fiende. Og etter slik ein siger hadde det kome til å taka lang tid fyre Oslo-regimet vilde ha våga seg på noko liknande i Hardanger eller på Vestlandet i det heile.

Ikkje-valdeleg direkteaksjon hev dessutan den fyremunen at ein slepp bøter eller fengsel, sidan alle slike kamphandlingar vert utførde i løynd.



"Synnøve Kvamme og dei hine Hardanger-aktivistane demonstrerte og tok i bruk sivil ulydnad, og dei fekk bøter for dette. Statkraft slapp undan med det eine lovbrotet etter det andre, medan dei unge aktivistane fekk det idealistiske engasjementet sitt på rullebladet."

**Sank ein ny tingar til
Målmannen!**

Reiserapport frå Syria: Ein europear fortel

Or Breizh-info.com

I Frankrike hev Det Syriske Sambandet skipa til tvo solidaritetsreisor til Syria i år, den fyrste i februar og den andre i august. Vel attende frå reisa so er ein av deltakarane, Gilles C., vorten utspurd på nettstaden Breizh-Info. Gilles kann fortelja um eit folk som kjempar seg igjennom kvardagen - og som nektar å lata terroristane få det siste ordet.

21/09/2015 – 0800 Damaskus (Breizh-info.com) – Gilles er ein av dei mange nyfikne og eventyrlystne franskmennene som hev tykt at massemedia ikkje hev fortalt deim heile sanningi um stoda i Syria. Han hev difor vore med på reisa til Syria, ei reisa som vara eit titals dagar. Slik kunde han og reisefylgjet hans få uppliva stoda i landet, trengja inn i Assad-regimet sine kjerneregionar, og gjera seg upp si eigi mening.

Dette er det eineståande vitnemålet åt Gilles, etter at han er komen attende frå Syria.

Breizh-info.com : Du kjem attende frå Syria, etter å ha vore der ei vika. Kva kann du fortelja?

Gilles : Reisa er vorti skipa til av Det Syriske Sambandet i Frankrike. Fyremålet med reisa hev vore å gjeva oss franskmennene høvet til å uppdaga "det kjempande Syria" - landet og folket som kjempar imot terroristane som hev teke seg inn i landet deira. Det er soleides ei solidaritetsreisa til det sekulære og multikonfesjonelle Syria - og dessutan ei turistreisa.

Det kjem til å verta fleire reisor av dette slaget, dei som skulde vera forvitne kann kontakta det syriske sambandet på e-post...

Breizh-info.com : Kva hev de gjort der nede, kva kann du fortelja frå vika som gjekk?

Gilles : Me hev reist ikring til tri ulike byar og reist um lag 1000 kilometer. I Damaskus og i Lattakia so hev me vore innkvarterte på rettelege luksushotell. I Meharda hev me derimot yvernatta på eit litt simplare hotell, ute på landsbygdi. På hotelli er det mest berre syriske gjester no, det er so godt som ingen utanlandske turistar att.

Restaurantane er fulle med folk, i gamlebyen i Damaskus var det ein restaurant der me vilde eta middag - men me laut gå vidare av di det var stappfullt. Maten er smakfull og for oss franskmennene er prisnivået låttelegt lågt.

I Damaskus er det ein intens trafikk, byen er rein og full med liv og røra. Til mi store yverrasking, so fekk eg vera med - den fyrste helgi - på ein argentinsk tangofestival i Damaskus. Han vart skipa til i ein av restaurantane på hotellet. Eg hev drive med argentinsk tango sjølv, so eg sette stor pris på



TRADISJON: Det kristne samfundet i Syria er millom dei eldste i heile verdi.

det høge nivået åt dei syriske dansarane. Dansarane nyttar seg av dei same kostymi som her i Vesten, og koreografien deira er både sensuell og sømeleg på ein gong.

Eg hev kome til den slutningi at me slett ikkje stend so langt i frå einannan kulturelt, eg kjende meg på ingen måte framandgjord.

I Damaskus hev me gjesta gamlebyen. Me var innum den tradisjonelle arabiske marknaden - der det anga av orientalsk parfyme. Me hev stogga hjå ein iskremhandlar, slike er ikkje til å koma i frå for folk i Damaskus, og der hev me smaka på iskrem som vart laga til for hand - rett framfor augo våre. Medan me var i hovudstaden, so let me helder ikkje vera å vitja den mest vidgjetne moskeen, Omayade-moskeen, som er ei arkitektonisk frygd for auga.

Samkvemet med lokalfolkesetnaden og med dei syriske næringsdrivande er på alle måtar noko for seg sjølv. Det greip meg sterkt å uppliva kor venlege, høflege og vyrdnadsfulle folk var - og kor sterkt dei sette pris på at me var komne for å gjesta deim.

Kor som er, det heng ein skugge yver det heile. I det fjerne, frå fjelli som umgjev Damaskus, so kunde me høyra korleis det drønna. Det kjende seg som einkvan slo på ei stor trumba, og slik vart folk minte på at det ikkje so langt undan stend godt væpna inntrengjarar, reiduge til å knusa det som er att av det lukkelege Syria.

Etter å ha vore i Damaskus, so gjekk ferdi vidare til Maalula, ein kristeleg landsby der dei framleis talar arameisk - språket som Jesus sjølv tala! Denne byen vart okkupert i månadsvis av Daesh (IS). Spori etter kamphandlingane ser ein yveralt, veggane på

hotellet er fulle med skot- og splinthol. Kyrkjone er vortne brende og plyndra, ikoni plukka frå einannan - og dei kristne er vortne myrda.

Der nede hev me møtt franskmennene frå samskipnaden "SOS Kristne i Midtausten". Dei var med på å byggja upp att denne kristelege høgborgi. Takk vere økonomisk studnad frå styresmaktene, so er kyrkjone åt å verta bygde upp att.

I Meharda vart me bedne inn på tvo ulike brudlaup, den same kvelden: Det eine var kristelegt, det andre muslimsk. I båe høvi so var det ei livleg stemning som venta oss. Kor som er, me upplivde på ingen måte at folk var fiendslege imot oss - og det endå det stødt vart rapportert at pågripne terroristar hev vore utstyrde med franskproduserte våpen.

Folk frå Meharda kunde fortelja oss um eit kvardagsliv der krigen allvegen var tett på. Dei tel alt 55 martyrar. For å kunna verja seg, so hev dei skipa til sjølvforsvarsgrupper - for det meste sette saman av unge vaksne som alle hev ei høg stjerna hjå lokalfolkesetnaden.

I Meharda so hev eg kjøpt reproduksjonar av kristelege ikon, dei er so velgjorde at dei ikkje let seg forklåra med noko anna enn kjærleiken til godt arbeid - og den sterke kristen-trui.

Lattakia ligg attmed det same Mil-lomhavet som det mitt eige Marseille gjer. Ein kann gå langsmed sjøen og sjå på bylgjone og dei flotte sandstrendene. Frå Lattakia reiste me vidare til Ugarit, oldtidsbyen der dei uppdaga alfabetet.

Ikkje gløym at Syria er rikt på antikvitatar og at ein ikkje tek munnen for full um ein kallar det for vogga åt sivilisasjonen.

Ikkje snakk um Meland-identitet!

Med 19 mot 8 røyster, so vedtok kommunestyret i Meland å senda søknad um kommunesamanslåing med Lindås og Radøy – stikk i strid med folkeviljen som klårt kom til uttrykk ved folkerøysting den 23 mai, og som enda med eit tydeleggt nei til kommunesamanslåing.

Under ordskipet på kommunestyremøtet var det Sølvi Norunn Knutsen frå Senterpartiet som lyfte fram identitetsperspektivet: Mange melandbuar kjenner på ei stor sorg, med di dei opplever eit tap av identitet når kommunen deira vert lagd ned, fortalde ho.

Venstre sin gruppeleidar, Silje Sæterstøl, avviste dette perspektivet tvert: «Eg hev ingen melandsidentitet, eg hev ein identitet som knyter seg til heile regionen», sa ho (på flytande bergensk utan det minste innslag av strilamål).

Etterpå ynskte ho politikarane eit godt val og bad dei «ha respekt for resultatet» – ein respekt som ho sjølv ikkje vilde visa for folkeviljen i Meland.

Helder ikkje Tormod Skurtveit frå Arbeidarpartiet vilde vita av noko identitetsperspektiv på debatten. «Me bur på Frekhaug, me bur på Rosslund, me bur i Landsvik. Meland er berre ein tenesteleverandør som finst på papiret». Slik fekk han samstundes sagt akkurat kva det er den nye kommunen kjem til å verta...

Medan Venstre meiner at ein berre kann ha ein regional identitet, so meiner altså AP ein berre kann ha ein bygdeidentitet. Meland hamnar soleides millom tvo stolar og fær ikkje politisk studnad nokon stad, må ein diverre slå fast.

Det å ha ein stad å høyra til er grunnleggjande for alle menneske. Me alle - eller rettare sagt, dei aller fleste av oss - kjenner spontant på kjenslone som dreg oss til huslyden vår, gata vår, byen der me voks opp ("Byen e' Bergen og laget e' Brann"). Kor som er so treng det ikkje um å stogga der: På eit høgare abstraksjonsnivå so kann ein kjenna tilhørsla både til kommunen sin, regionen sin, landet sitt, kulturkrinsen og sivilisasjonen sin. Familien og heimbygdi er gøynd i hjarta, nasjonen og sivilisasjonen er rømd i intellektet.

Men diverre er det nett intellekt og ålmenndaning som politikarane i våre dagar vantar - og so vert diskusjonane nett so tanketome og innhaldslause som dei vart på Meland Rådhus den 23. juni - med Sølvi Norunn Gripsgård frå Senterpartiet som det heiderlege undantaket.

Dagen etter so såg me på den vidgjetne borgi "Krak des Chevaliers", som Aleppo-emiren bygde i år 1031 og som krossridarane yvertok i 1099.

Denne festningi hev vore eit symbol på den styrken som frankarane utviste i det heilage landet, den gongen krosstogi stod på. Diverre hev borgi vorte ikkje so reint lite øydelagd etter nokre vikor under IS-styre. Golvet på borgi er vorte pløgt opp av terroristar som leita etter ein mogleg underjordisk veg ut - etter å ha kome under åtak frå den syriske heren. Den syriske heren makta taka borgi attende og det var sjefen for vaktsovdattane, glødande forviten etter soga åt landet sitt, som hev teke oss med for å utforska denne staden.

Nedanfor festningi ligg det no ein folketom landsby, der alle husi er vortne øydelagde av bombor og eksplosivar. Dei minnar um dei brutale kampane som hev vore her. Dette er Caen eller Le Havre i Syria...

Um kvelden var me attende i Lattakia for å vitja dei skadde på eit militærskjukehus. Me fekk møta soldatar som hadde vore nøydde å amputera eller som framleis var fullstendig paralysererte. Me gav dei nokre gåvor og kom med oppmuntrande ord til deim. Me hadde ogso gleda av å kunna tilby sjukehuset eit hopetals kilo med medikament av alle slag. Desse hadde me teke med oss frå Frankrike - som eit svar på den vondskapsfulle embargoen som franske styresmakter hev vore med på å tvinga på det syriske folket.

Til slutt vitja me Tartus, der me vart tekne i mot av turist-umvisarar som tok oss med til bymuseet. Dette museet var lokalisert inne i ei stor kyrkja som diverre var so godt som tømnd. Flestalle kunstverki hadde vorte gøynd vekk slik at dei ikkje skulde hamna i

hendene på terroristar som vil selja deim til samlarar i Vesten.

Vel attende i Damaskus, dagen fyre returen til Frankrike, so opplivde me å koma under eld frå ein bombekastar - han eksploderte mindre enn 100 meter frå hotellet. Klokkas var halv ni, og ljoden minnar um eit tørebrak - etterfylgt av det krystallinske knaset frå vindaugo som spring ut og dett ned frå veggene på husværi. Sume fær panikk, andre held fram med kvardagssyslane sine som um ingenting hev hendt...

Breizh-info.com : Hev de kjent dykk trygge der nede, med krigen so tett på dykk? Korleis vart de tekne imot av styresmaktene?

Gilles : Tryggleiken vår hev vorte teken hand um so godt som det berre er moglegt når ein faktisk er i eit krigsherja land der det er nett sivilistar som terroristane hev som sine fremste målskivor. Turistministeren stelte ein minibuss til disposisjon for oss, med eigen sjåfør og med militær- og politieskorte.

Me kom oss alle velskodde heim att.

Der nede hev me møtt borgarmeistrar, prestar og journalistar - og den siste kvelden vart me tekne imot av turistministeren til ei meningsutvikling som var trøysam for oss alle.

Breizh-info.com : Kva tenkjer syrarane i dag um Frankrike og det franske folket? Hev de høyr tala um dei "frankmennene" som kjempar jamsides med islamistane?

Gilles : Det franske mandatet i Syria vart avslutta i 1947, og det etterlet seg diverre sers dårlege minne. Den politikken som franske styresmakter fører i dag hev det syriske folket naturleggt nok berre avstygg for.

Men for mange syrarar, so er Frankrike det same som De Gaulle. Dei veit soleides ikkje heilt kva dei skal tru når den franske



KRIG: Det franske reisefylgjet var vitne til store øydeleggjingar.

utanrikspolitikken i dag er vorten underlagd den til Sambandsstatane. Og det at franske borgarar er til stades millom terroristane, og det jamvel med franskproduserte våpen, det gjer folk rasande!

Breizh-info.com : Du som hev sett korleis stoda er på bakken, korleis ser du på den internasjonale utviklingi i saki?

Gilles : Saman med dei sunni-allierte gulfstatane so fører dei vestlege maktene ein lågintensitetskrig mot Syria. Dei freistar å slita landet og folket ut. Um det ikkje var for at Russland gjeng inn på den andre sidan i konflikten, so hadde dei syriske styresmakterne hamna i ei sers låk stoda.

Breizh-info.com : Franske media, fortel dei sanningi um det som hender i Syria? Og um Assad-regimet?

Gilles : Den diaboliseringi som Assad-regimet hev råka ut for, det er tufta på desinformasjon og rein krigspropaganda. Masse-media skulde skamma seg.

Breizh-info.com : Kva slags framtid er det som ventar Syria ?

Gilles : Etter den sigeren som kjem, og eg er ikkje i stuss um at han kjem, so tenkjer eg at den sekulære og multikonfesjonelle modellen i Syria hev ei god framtid fyre seg.

Landet er eldgamalt og kristne og musli-



KVARDAGSLIV: I Damaskus er det eit yrande liv på marknaden, og utestadene er fulle med folk. Krigen er berre eit steinkast undan, men det hev folk lært seg å liva med.

mar hev livd side um side i lange tider. Og det so tett samanvove at eg ikkje kann skyna at det ikkje skal vera moglegt i framhaldet med. Det same gjeld for sunniar og shiaer.

Faktisk so freista eg ved fleire høve å spurja folk um kva det var som skilde dei tvo ulike typane muslimar, men det var ingen som

var i stand til å gjeva ei rettelegt god forklåring. Det som folk flest er upptekne av i dag er at fedrelandet deira, Syria, skal få liva vidare!


Kjelda: Breizh-Info

Youth of Tomorrow

Av Ornella Winter

“Youth of Tomorrow” kom med den fyrste plata si i 2011. Det andre albumet vart drygd ut heilt til våren 2016, og det vert sagt at det ikkje kjem til å verta fleire plator. Eg nyttar difor høvet til å taka fyre meg dei tvo platone åt dette stuttlivde, men kreative, metalcore-prosjektet frå Tyskland.

Det fyrste albumet, “Kinder der Revolution”, hev både ein estetikk og eit tekstmateriale som skal fortelja oss at det er noko rote med det samfundet me liver i.




Plateumslaget minnar um ei “urban exploration”-utflukt, og tekstene tek fyre seg det forfalne moderne samfundet - med oppløyste familiar, masseinnvandring, armod, politibrutalitet. Midt uppe i alt dette veks ein ny ættled fram: Revolusjonens born hev ikkje noko meir att å tapa, vert det slege fast.

Det er ein rå og rufsut produksjon på albumet som du anten likar eller hatar. Til tider undrast ein på um dei hev gløymt å stemma gitaren, men det funkjar på den måten - tykkjer eg i alle fall. Her er det ingen bass og ingen gitarsoloar, men rengde gitarar som driv musikken fram på ein måte som riv og slit i lydaren. Det byrjar rått og brutalt med “Die Order” og held fram i same duren - med undantak for ei akustisk låt der gjestesongaren Jan Peter er med.

Det andre albumet, “Lasst die schwarzen Fahnen wehen”, hev svært fæe tilknytingspunkt til det fyrste. Plateumslaget vert prydd med kunstverki åt Arno Breker, og både vokal og produksjon fører til at det ikkje er godt å segja um ein skal kalla det for svartmetall eller metal-

core - det er både skriking og gangshouts um einannan. Her er det mykje meir melodi og mykje meir stilreint enn på den fyrste plata. Nett som løvetannen bryt upp gjennom asfalten, so skal dei gamle ideali koma til sin rett att, kann ein kanskje segja. Høgdepunkti er låtane “Haltet stand” og “Keine Götter, keine Meister”, med sitt duble bass-spel og klagande gitarsoloar, og “Festung Europa” - der det med eit rettelegt gangshout vert slege fast at den europeiske festningi stend fast.



Frå Homs til Hermansverk - Me hev enno eit val

Av Olav Torheim

Frå bussmassakren i Årdal i 2013 til flyktningstraumane frå Syria i 2015: Dårlege nyhende hev me havt nok av dei seinaste tvo åri, men er desse nyhendi eigna til å vekkja folk upp eller vert me berre sitjande att i avmakt? Det er inkje som kjem av seg sjølv, og ei samfundsendring til det betre fær me einast når dei er ei politisk kraft attum som kann driva henne fram. Titelen på denne teksti, "Frå Homs() til Hermansverk(**)", er soleides medviti vald: Skal me kunna endra noko, so må me byrja med å endra på det som me faktisk kann endra på. Men må tenkja globalt - og samstundes handla lokalt. Ei god byrjing er å segja nei til demonterings av Sogn og Fjordane - ei demontering som gjeng fyre seg rett framfor augo våre, men som politikarane i lokalvalkampen so langt hev sloppe undan med. Det må dei ikkje få lov til!*

Sogn og Fjordane er vorte kalla for "trivselsfylket", men skal me tru Møreforskning so er fylket for lite. 200.000 skal vera det magiske talet som avgjer um eit fylke er leveført eller ikkje, og Sogn og Fjordane hev berre litt yver det halve innbyggjartalet. Altfor smått, meiner visst sume - utan at dei heilt kann gjera greida for kvifor. Med den varsla kommune- og fylkesreformi, som alle dei store rikspartii steller seg attum, so ligg det i korti at Sogn og Fjordane kjem til å verta lagt inn att under Bergen - og det etter å ha vore sjølvstendig heilt sidan 1763. Fylket er ikkje "robust" nok, skal det heita seg.

Sogn og Fjordane: Ei varsla oppløysing

Dei er alt godt i gang. Sogn og Fjordane vert demontert, stykkje for stykkje. Det gjeng fyre seg både administrativt, økonomisk og jamvel demografisk.

Det fyrste dei tok ifrå oss var fylkessjuehusi, dei hamna i 2001 inn under ein nyskipa Helseregion Vest. Det neste som skulde burt var Fylkesskattekontoret i Sogn og Fjordane. Det vart lagt ned i 2006 og hamna inn under det som skulde heita Skatteregion Vest og som hev sete i Bergen. No er det same åt å henda med Sogn og Fjordane Politidistrikt og med Alarmsentralen i Florø...

Folketalet i bergensregionen berre aukar på. So kva godt skal det koma ut or det at politiarbeidet i Sogn og Fjordane skal styrast frå ein by som sjølv kjem til å få nok av politisaker å stri med i tidi som kjem? So langt hev ingen kome med noko vitugt svar på det...

Likeins er det no med Høgskulen i Sogn og Fjordane. Styresmaktene hev pålagt dei å greida ut um samanslåing med Høgskulen i



Det gamle reiarflagget åt Fylkesbaatane vart fira for siste gongen den 10. oktober 2009. 150 års tradisjon vog ikkje tungt nok for den nye konsernleidingi. Kva med dei 250 åri som Sogn og Fjordane hev vore sjølvstendig frå Bergen? Skal me sjå på at fylket vårt vert plukka ned bit for bit eller er det tid for å heisa opprørsfana?

Bergen, og det endå høgskuleleidingi alt hev sagt frå um at dei greider seg godt åleine.

Kor som er, det er nett med pålegg um "utgreidningar" at folket skal verta mentalt fyrebudde på den sentraliseringi som "må" koma. I staden for å diskutera um ein vil ha kommunesamanslåingar i det heile, so vert valkampen nytta til å ordskiftast um kva slags kommunar som bør slåast i hop med kven. Det heile minnar um telefonseljartrikset der ein vert spurd ut um kva slags farge ein vil ha på den nye støvsugaren, og det alt fyre ein fær tenkt på um ein treng produktet i det heile.

Flestalle granskingar syner at det er i dei småe kommunane at folk er mest nøgde med dei kommunale tenestene. Dei einaste som kjem til å tena på samanslåingane er private firma som hev stordriftsfyremuner og som kann hausta profitten etter at anbodsrundane er avslutta.

Skal kommunane framleis vera politiske arenaer som ein kann engasjera seg på eller skal dei vera store tenesteleverandørar som me ikkje treng bry oss med so lenge bosbilen kjem punktleg kvar måndags morgon? Skal me som bur ute i distrikti verta reduserte til passive forbrukarar av offentlege tenestor - eller skal me vera aktive deltakarar i kvardagen ikring oss? Det er desse spursmåli me burde ha stelt oss no, men nett det lokaldemokratiske perspektivet ser ut til å vera fråverande i debatten.

Og kva kjem til å skje med nynorsken um

heile Vestlandet skal styrast frå Bergen slik det no vert lagt upp til med den varsla regionaliseringi? Helder ikkje dette spursmålet hev stade serleg høgt på dagsetelen, men ein treng ikkje fara langt for å finna svaret. Grannefylket Hordaland er i seg sjølv kronømet på kva som skjer når bokmåls- og nynorskområde vert slegne saman:

I 1972 vart Bergen Fylke (bokmål) slege saman med Hordaland Fylke (nynorsk), og nynorskkommunane Åsane og Arna vart integrerte inn i Bergen. No er både nynorsken og dialektane so godt som burte i Arna og Åsane, og bokmålet og bergensdialektane et seg inn i grannekommunane Meland, Os, Fjell og Sund. Det som ein gong var nynorskfylket Hordaland held på å verta til ein utvida bergensregion på bokmål. Burde ein ikkje då nytta høvet til å draga upp nokre skarpe grensor, framfor å lata Nordfjord, Sunnfjord og Sogn gå med i same dragsuget?

"Sogn og Fjordane kjem til å finnast i framtida med, endå om fylkesgrensene vert borte..." Dette fekk me nylegt høyra frå ein kar som openbert var lite huga på å diskutera problematikken. Men korleis kann nokon i fullt ålvor få seg til å tru at alt kjem til å verta som fyrr dersom Sogn og Fjordane - med sine 110.000 innbyggjarar - skal hamna inn under Bergen og Hordaland som no tel ein halv million menneske? Kvar hen kjem dei nye regionalpolitikarane til å henta røystene sine frå og kvar hen kjem prioritertane til å liggja?

Dette mynsteret hev me alt sett tydelegt frå ordskiftet um framtid i Alarmsentralen i Sogn og Fjordane. Frå kommunane som eig Alarmsentralen i Bergen var det ingen studnad å få: Tvert imot gjorde dei det klårt at dei stod reiduge til å taka yver funksjonane åt Alarmsentralen i Florø.

Når administrasjonen for dei ulike etatane vert lagde til Bergen og det ikkje lenger finst institusjonar som hev tyngdepunkti sine i Førde eller på Leikanger, kvar hen skal ein då henta den politiske krafti i frå som skal ha fokus på å vidareutvikla Sogn og Fjordane? Sjå berre til Bergen, kva hev hendt med til dømes Åsane etter at kommunen vart slegen saman med storbyen? Det er vorte ein utkant utan noko politisk tyngdepunkt. Salhus hev visna burt og i staden veks kjøpesentri upp kring ein parkeringsplass - utan nokon politisk plan eller perspektiv.

Asylmottak og integrering: Bygdefolket vert ikkje høyr

I Årdal og Høyanger er folket vorte påtrykte privatdrivne asylmottak - endå både lokalpolitikarar og folk flest hev ytra seg klårt og tydelegt imot. Og den 4. november 2013 vart det tydelegt nok for alle at ein ikkje hadde kontroll. Ein afrikansk asylsøklar gjekk amok på Valdresekspressen og drap den 19 år gamle Margaret Molland Sanden, sjåføren på bussen og ein svensk statsborgar. Ordføraren i Årdal fortalde etter bussmassakren at lokalsamfundet ikkje var fyrebudde på storinnrykk av asylsøklarar.

Det som hende i Årdal, det skreiv seg frå ei stoda som var politisk skapt - og andsvaret for å rydja upp i stoda er politisk, det med. I staden for å ta dette andsvaret so valde poli-



Den 4. november 2013 er for alltid brend inn i saga åt Sogn og Fjordane.

tikarane - saman med media - å retta fokuset mot Politiet og den påstått skortande responstid deira. Dette endå alle tri dråpsofferer alt var døde då dei fyrste bilistane oppdaga det grufulle som hadde hendt. Ikkje ein gong med null responstid hadde det gjort noko til eller frå!

Me hev dessutan til gode å få høyra argumentasjonen for kvifor ei polititrykkjning i Årdal skulde gå so mykje snøggare um ho hadde vore dirigert frå Bergen, slik politikarane gjeng inn for no...

Alle som hev busett seg i eit lite lokalsamfund på Vestlandet - stader der alle kjenner alle - dei veit kor vandslegt det kann vera å finna fotfeste. Same kor greid og umgjengeleg du er, so hev du i motsetnad til grannane dine ikkje vokse upp der, du hev ikkje kjent dei

sidan dei var småe - slik som dei kjenner kvarandre på godt og vondt. Jamvel for etniske nordmänner kann det verta vandslegt, og korleis er det ikkje då for afrikanarar frå ein heilt annan kulturkrins?

“Somalierna lever på utsiden av samfunnet i Svelgen. Kommunen sier de ikke klarer å integrere dem.” Det fortel Bergens Tidende den 23. mai 2015 - um dei 65 somaliske asylsøklarane som av alle stader er vortne plasserte i Svelgen i Ytre Nordfjord. Ja, kva hadde dei venta seg då?

Krig og intervensjon: Det syriske folket vert helder ikkje høyr

Den 4. november 2013 var ikkje berre dagen for bussmassakren i Årdal. Det var ogso dagen då syriske styresmakter hadde avslutta arbeidet med å øydeleggja alle sine kjemiske våpen - slik USA og dei vestlege statane hadde lagt fram krav um. Den blodige konflikten som skulde senda millionar av menneske på flukt kunde ha kome til ei løysing på nett denne dagen. I staden kom den USA-studde “opposisjonen” med nye krav um at Assad skulde trekkja seg fyre det vart aktuelt med fredssamrøder. Resultatet kjenner me...

Asylstraumen aukar på ved Svinesund, det kjem like mange på eit par dagar som det tidlegare gjorde på eit halvt år. Samstundes er det fullt kaos på jarnbanestasjonane i Ungarn og Tsjekkia, og ved den makedonske grensa melder styresmaktene um 3000 til 4000 asylsøklarar som kjem yver grensa kvar dag, og det berre aukar på. Dei vil alle vidare inn i Vest-Europa.

I Noreg er politikarane vortne samde um taka inn 8000 Syria-flyktningar og soleides slå ein strek yver innvandringsordskiftet - resten er eit praktisk integrasjonsspursmål



"Me veit ikkje um me kjem til å endra verdi, men me veit at verdi ikkje kjem til å endra oss".

-Jean Mabire (1927-2006).

Returadresse
Målmannen
Postboks 599 Sentrum
5806 Bergen



ISSN-1503-2469

som skal løysast ute i kommunane. I millom-tidi kryssar i snitt 3000 flyktningar grensa til Makedonia - kvar einaste dag. Sume dagar er dei so mange som 4000...

I Noreg er politikarane vortne samde um taka inn 8000 Syria-flyktningar og soleides slå ein strek yver innvandringsordskiftet - resten er eit praktisk integrasjonsspursmål som skal løysast ute i kommunane. I millom-tidi kryssar i snitt 3000 flyktningar grensa til Makedonia - kvar einaste dag. Sume dagar er dei so mange som 4000...

Noreg hev nyss gjort vedtak um å taka inn 8000 Syria-flyktningar, men det er rein symbolpolitikk når ein framsteller stoda som um det kjem til å stogga der. Det er ingen grensekontroll å tala um lenger, og ved EU sine yttergrensor er stoda heilt ute or kontroll. Det var ein fyresetnad for Schengen-avtala at vakthaldet ved EU sine yttergrensor skulde verta styrkt. men dette hev ein ikkje lukkast med (Artikkelen vart skriven hausten 2015, red.).

Nett no sit me og ser på fjernsynet korleis tusundårgamal verdsarv vert sprengd i småbitar i Palmyra - og det utan at nokon frå "det internasjonale samfundet" grip inn. Samstundes les me i VG um tri afrikanarar som gruppevaldtok ei 14 år gamal gjenta, men der retten ikkje er i stand til å gje dei onnor straff enn ti månaders fengsel og samfundstenesta for seksuell umgang med ein mindreårig...

Tilsynelatande er det maktesløysa som råder - både på lokalt, nasjonalt og europeisk nivå.

Tid for å vakna. Tid for å handla

Det finst eit svar på alt dette. Svaret er at me må taka attende landet vårt, me må taka attende lokalsamfundi våre, me må taka attende livi våre. Noreg må ut or EU og EØS, dei "humanitære intervensjonane" må få ein slutt, grensekontrollen må attende, sentraliseringi må stogga, lokaldemokratiet må styrkjast. Me må byggja samfundet vårt upp att, og dette arbeidet må byrja nedanfrå: Du og eg må verta politiske menneske i kvardagen vår. Politikk er for viktugt til at politikarane kann få driva med det åleine!

Det var ingen flyktningstraum frå Libya, Irak og Syria då desse landi fekk råda seg sjølve i fred frå vestleg innblanding. Tvert



Sogn og Fjordane er ein miniatyr av Noreg slik det ein gong var...

imot, so lenge Gadaffi rådde i Libya so hadde han streng kontroll med båttrafikken yver Millomhavet. Då NATO gjekk til krig for å styrta Gadaffi-regimet, so åtvare han mot konsekvensane, og han synte heilt konkret til det trugsålet den ulovlege innvandringi representarar. Han vart ikkje høyrd...

Sogn og Fjordane er ein miniatyr av Noreg slik det ein gong var - og Sogn og Fjordane er gong etter gong vorte kåra til det beste fylket å bu i. Det er fylket med minst kriminalitet, det er det aller siste fylket der det vart registrert tilfelle av HIV-smitte, det er fylket der nynorsken stend sterkast i Noreg - og det er fylket der skuleelevane gjer det best. Sume forskarar hevdar jamvel at det er ein samanheng her!

Er ikkje Sogn og Fjordane Fylke verdfullt nok til å verta teke vare på? Er ikkje folket som bur i fylket verdfullt nok til å få vera i fred frå ei stødt meir påtrengjande globalisering? Eller kann det vera at nokon tykkjer fylket er vorte ein torn i auga som må vekk?

Det treng ikkje um å enda slik. Då NRK vilde leggja ned NRK Sogn og Fjordane, so førde det til ein reaksjon som faktisk enda med ei styrking av distriktkontoret - og i dag hev me Nynorsk Mediesenter på Sandane. Endå um det brenn eit blått ljøs for fylket vårt, so er det moglegt å snu det til noko positivt. Ingenting er avgjort... enno!

Bussmassakren i Årdal i 2013 var ingen naturkatastrofe. Det er helder ikkje flyktningstraumane frå Libya og Syria i 2015. Um Sogn og Fjordane Fylke vert lagt ned um eit par års tid, so skjedde det av di me let det skje - og ikkje gjorde noko med det medan me endå kunde. Avviklingi av fylket vårt skjer ikkje berre som fylgja av ein medviten politikk frå dei største politiske partii - men like mykje i fråværet av eit politisk medvit hjå alle oss andre um kva det er som stend på spel.

Me hev eit val. Me kann gjera røysti vår høyrd. Me kann konfrontera politikarane som vil lata fylket vårt døy. Men ikkje berre det: Me kann frigjera våre eigne sinn, me kann byggja motkrefter og me kann leggja grunnlaget for ei ny byrjing. Me skaper noko nytt med di me finn attende til det som heile tidi hev vore vårt eige.

(*)Homs er ein av dei byane i Syria der borgarkrigen tok til i 2011 og der nokre av dei hardaste og blodigaste kampane gjekk fyre seg.

(**)Hermansverk er kommunesenteret i Sogn og Fjordane

Sluttordet:

Han som vil skapa noko storslege, han må vita at han sjølv ikkje skal få nytta noko av det.

Friedrich II

**Målmannen er alltid open for nye skribentar.
Kom gjerne med innlegg og stykkje, du med!**